**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Driftsstyret** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **09.03.2016** |
| **Tid:** | **14:00** |

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

**Orientering:**
I starten på møtet vil Bodil Brautaset, som er fagkonsulent for barnehage, orientere om Voldaprosjektet og leiaropplæring for styrarar og pedagogiske leiarar.

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 11/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 12/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 13/16 | **Vilkår for skjenkeløyve - Fjordkongen AS** |
| PS 14/16 | **Orientering om politisk handsaming i formannskapet OS 16/16 - Notat politisk organisering driftsstyret** |
| PS 15/16 | **Arena for læring og velferdsteknologi - Møre og Romsdal (ALV - Møre og Romsdal)** |
| PS 16/16 | **Styre for idrettslokale, val av representantar** |
| | **Orienteringssaker:** |
| OS 8/16 | **Oversending av endeleg rapport - tilsyn med rehabiliteringstenestene i Volda kommune 2015** |
| OS 9/16 | **Referat frå skulemiljøutvalsmøte Dalsfjord skule 04.02.2016** |

PS 11/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 12/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Bente Engeseth | Arkivsak nr.: | 2015/1796 |
| | | Arkivkode: | U63 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 13/16 | Driftsstyret | 09.03.2016 |

## ENDRING AV FAST SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS

**Administrasjonen si tilråding:**

1. ***Skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 vert inndrege f.o.m. 11. mars 2016.***

2. ***Driftsstyret syner til kommunestyret sitt vedtak i K-sak 117/15 og dei vilkåra som er stilt av kommunestyret for skjenkeløyve gruppe 1 og 2. Vikåra som er stilt der inneber også at når butikken er open, så kan ein ikkje nytte utearealet som er på same plan til skjenkeareal.***

3. ***Alle løyvehavarar må søkje om nye løyve når vi får godkjent ny rusmiddelpolitisk handlingsplan. Det er sett søknadsfrist til den 31. mars2016.***

**Vedleggsliste:**
Merknad til vedtak 30.11.2015 – Fjordkongen as org nr 915055885
Skjenkeløyve Fjordkongen AS (Vedtak KST den 26.11.2015 i PS 117/15)
Internkontrollrutiner - Fjordkongen AS
Vakthald for MS-Fjordkongen - vaktplan
Teikningar av arealet
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016

**Uprenta saksvedlegg:**
Alkoholloven
Alkoholforskriften

**Samandrag av saka:**
Kommunestyret har i k-sak 117/15 bedt driftsstyret om å vurdere fast løyve for alkoholhaldig drikk gruppe 3. Kommunestyret har bedt driftstyret vurdere saka på nytt med tilråding om å trekke tilbake fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 3. Det er også stilt krav om vilkår som må

vere innfridd for at Fjordkongen skal få behalde det faste skjenkeløyvet for alkoholgruppe 1 og 2.

**Saksopplysningar:**
Denne saka er meldt opp til driftsstyret etter vedtak i kommunestyret. I kommunestyret sitt møte den 26.11.15 var sak PS 117/15 oppe til handsaming. Der vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*

Det er innhenta uttale frå løyvehavar i samband med varsel om endring av tildelt løyve. I brev 13.01.2015 har Fjordkongen AS uttalt:

*"Fjord-kongen har ikke skjenket alkoholholdig drikke i gruppe 3 og har ingen ting imot at det faste løyve for denne gruppen vert inndrege."*

Det vert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak tilrådd at driftsstyret trekk tilbake fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 (:brennevin). Kommunestyret fann at Fjordkongen ikkje innfrir krava til matservering ved faste skjenkeløyve for alkoholgruppe 3.
Fjordkongen AS får behalde fast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, då vilkåra det var stilt krav om er innfridd.

Alle eksisterande løyve går ut 30. juni. Alle løyvehavarar skal søkje om nye løyve når vi får godkjent ny ruspolitisk handlingsplan for åra 2016-2020. Det er sett søknadsfrist til 31. mars 2016.

**Vurdering og konklusjon:**
Fjordkongen AS har tilpassa drifta etter vilkår som er sett for skjenkeløyvet. Det har ikkje kome inn opplysningar som gjer at denne saka vert vurdert annleis enn tilrådinga frå kommunestyret. Det vert difor tilrådd at driftstyret gjer vedtak om inndraging av fast løyve for alkoholgruppe 3 og at Fjordkongen AS får behalde fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2. Fjordkongen kan på lik line med andre skjenkestadar søkje om utvida løyve for alkoholgruppe 3 ved einskildhøve.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Sjå Rusmiddelpolitisk handlingsplan.

**Økonomiske konsekvensar:**
Det er gebyr for skjenkeløyve, utover dette er det ikkje vurdert.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Nærleiken til sjøen gjer at det er sett inn krav om spesielt vakthald i samråd med politiet.

**Naturmangfaldlova:**
Ikkje relevant

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fjordkongen AS c/oTerje Kragset | | 6149 | ÅRAM |
| Arve Jøssang | Hellandsheiveien 36 | 4120 | TAU |
| Ørsta og Volda lensmannskontor | Torvmyrane 11 B | 6160 | HOVDEBYGDA |
| Securitas AS | Postboks 8225 Spjelkavik | 6022 | ÅLESUND |

**Klageinstans:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Arkivsak nr 2015/1796

Viser til deres brev av 30.11.2015 med kommentar til vedtak:

1. Fjord-kongen har ikke skjenket alkoholholdig drikke i gruppe 3 og har ingen ting imot at det faste løyve for denne gruppen vert inndrege.

2. Butikkarealet er nå fysisk avgrensa ved at butikken blir flyttet opp i den fysisk avgrensa salongen på båtdekk.
   Det er ingen butikk drift om bord før ny åpning i øvre salong.

- Kurs i vertskap er utført 21.10 i Ulsteinvik av styrer, stedfortreder og en ansatt.

- Vilkårene her vil bli overholdt.

- Ved arrangement på kveldstid er aldersgrensen i opningstid 18 år.
  På dagtid/fjordcruise er praksisen at yngre kan vere tilstades i følgje med vaksne.

- Vakthaldet om bord vil alltid vere slik politiet krev.
  Landgangen vil alltid vere godt sikra. Og overvåka når det er arrangement om bord.
  Ved arrangement ved kai fredag og lørdagskvelder er det inngått avtale med vaktselskapet Safe 24.
  De er då 2 mann ombord og minst 1 har kontinuerlig overvåking av gangveien.
  De er også om bord til siste gjest har gått på land.

- Internkontrollrutinar se vedlegg.

Med vennlig hilsen

Terje Kragset
Fjordkongen AS
tlf 99405051

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

FJORDKONGEN AS c/o Terje Kragset

6149 ÅRAM

| Arkivsak nr. | Løpenr. | Arkivkode | Avd/Sakshandsamar | Dato |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 2015/1796 | 12189/2015 | U63 | SVK/ UNNISTRA | 30.11.2015 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.11.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 117/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.***

2. ***Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:***

- ***Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 15. januar 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.***

- ***Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkohollova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."***

- ***Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.***

- ***Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følgje med vaksne.***

- ***Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 15. januar 2015.***


| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | 70058886 | 7005870170058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

***Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.***

- ***Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 15. januar 2015, og at dei stetter krava i alkohollova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ørsta og Volda lensmannskontor | Torvmyrane 11 B | 6160 | HOVDEBYGDA |
| Securitas AS | Postboks 8225 Spjelkavik | 6022 | ÅLESUND |
| Arve Jøssang | Hellandsheiveien 36 | 4120 | TAU |
| Sakshandsamar Bente Engeseth | | | |

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Bente Engeseth | Arkivsak nr.: | 2015/1796 |
| | | Arkivkode: | U63 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 111/15 | Kommunestyret | 29.10.2015 |
| 117/15 | Kommunestyret | 26.11.2015 |

**SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)**

## *Handsaming i kommunestyret 26.11.2015:*

Det vart halde synfaring i saka den 12.11.15.

Ordføraren kom med framlegg om å endre fristdato til *15. januar 2015*, jf kulepunkt ein, fem og seks i tilrådinga.

Krf v/Anders Egil Straume kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Volda kommune vurderer å trekkje tilbake skjenkeløyvet gjeve til MS Fjordkongen.*
*Grunngjeving: MS Fjordkongen er eit nytt konsept og i prinsippet eit ambulerende løyve i heile Volda kommune.*
*Dei har i praksis vist at dei ikkje handterer løyvet på ein tilfredstillande måte.*
*Handsaming av saka har vorte for dårlig og svært kritikkverdig handtert både av administrasjonen og politisk.*
*Dette er eit nytt konsept med kombinasjon av pub og butikk der skiljet mellom butikk og pub i beste tilfelle kan kallast ei provisorisk løysing. I høve til ruspolitisk handlingsplan skal det førast ei restriktiv line med nye konsept. Vi kan ikkje sjå at det er teke dei nødvendige omsyn til planen.*
*Volda kommune har ikkje teke sitt ansvar på ein god nok måte. Løyvet bør trekkast tilbake med dei konsekvensen det kan medføre.*

*Kommunestyret ber administrasjonen varsle løyvehavar om at kommunestyret vurderer å trekke skjenkeløyvet attende.*

**Røysting**:
Ved alternativ røysting mellom administrasjonen si tilråding med endringa frå ordføraren og framlegget frå Krf, fekk tilrådinga frå administrasjonen 21 røyster og vart vedteke.
Framlegget frå Krf fekk fem røyster og fall.

## *Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015*

1. *Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*

2. *Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:*

- *Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 15. januar 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.*
- *Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkohollova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."*
- *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.*
- *Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følgje med vaksne.*
- *Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 15. januar 2015. Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*
- *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 15. januar 2015, og at dei stetter krava i alkohollova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*

## *Handsaming i kommunestyret 29.10.2015:*

Roald Espset (Frp) kom med fylgjande framlegg:

*Saka blir utsett med tanke på synfaring på staden.*

**Røysting**:
Utsettingsframlegget fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta mot.

***Vedtak i Kommunestyret - 29.10.2015***

*Saka blir utsett med tanke på synfaring på staden.*

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*

2. *Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:*

- *Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 30. november 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.*
- *Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkohollova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."*
- *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.*
- *Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følgje med vaksne.*
- *Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 30. november 2015. Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*
- *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 30. november 2015, og at dei stetter krava i alkohollova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*

**Vedleggsliste:**

1. 2015/1604 Søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve 29.06.15 – Fjordkongen AS
2. 2015/1604 Vedlegg til søknad om skjenkeløyve datert 29.06.2015 – Fjordkongen AS
3. 2015/1604 Bevis for kunnskapsprøve etter alkohollova
4. 2015/1604 Bevis for etablerarprøva etter serveringslova
5. 2015/1604 Bed om uttale i høve søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve, Voldabesøk med fjordcruise og pubaften, brev til lensmannen i Ørsta og Volda datert 29.06.15
6. 2015/1604 Uttale frå lensmann 01.07.15 vedk søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve - Voldabesøk med fjordcruise og pubaften
7. 2015/1604 Uttale frå lensmann svarskjema, 01.07.15 vedk søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve - Voldabesøk med fjordcruise og pubaften
8. 2015/1604 Vedtaksbrev 02.07.15 skjenkeløyve ved einskildhøve til Fjordkongen
9. 2015/1604 Vedk skjenkeløyve til Fjordkongen – spørsmål om vedtaket var lovleg, brev frå Ivar Otto Kristiansen 13.07.15
10. 2015/1604 Førebels svar – vedr skjenkeløyve til Fjordkongen 27.07.15
11. 2015/1604 Vedkomande vedtak om skjenkeløyve datert 07.08.15
12. 2015/1781 Søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve, Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum, datert 09.08.15 – Fjordkongen AS
13. 2015/1781 Bed om uttale 10.08.15 i samband med søknad om skjenkeløyve i høve Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum
14. 2015/1781 Uttale frå lensmann vedk skjenkeløyve ved einskildhøve, Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum datert 12.08.15 m vedlegg
15. 2015/1781 Vedtaksbrev 11.08.15 om skjenkeløyve ved einskildhøve til Fjordkongen, Fjordcruise på Lauvstad
16. 2015/1781 Søknad om fast skjenkeløyve 11.08.15 – Fjordkongen AS
17. 2015/1781 Bed om uttale i samband med søknad om fast skjenkeløyve 13.08.15
18. 2015/1781 Uttale frå lensmann vedk fast løyve 14.08.15
19. 2015/1781 Utale frå lensmann vedk fast løyve 14.08.15 – svarskjema
20. 2015/1781 Framlegg til vedtak i driftsstyret 19.08.15
21. 2015/1781 Utskrift av sak 24/15 i driftsstyret 19.08.15 – fast skjenkeløyve
22. 2015/1781Søknad om serveringsløyve 20.08.15
23. 2015/1781 Vedtaksbrev - Serveringsløyve 21.08.2015
24. Notat frå ordførar 31.08.15 til rådmann og leiar i driftsstyret
25. Ny tilråding frå driftsstyret 07.10.15
26. Presisering av vedtak om skjenkeløyve, brev til Fjordkongen AS 11.09.2015
27. Utskrift av sak 30/15 i driftsstyret 07.10.15- presisering av vedtak
28. Annonsering på Facebook 21. og 22. august
29. Bilete frå synfaring 16.10.15
30. Protokoll KST 24.05.2012 - Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2015
31. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016
32. Delegeringsreglement vedteke i Volda kommunestyre 28.08.2014

**Uprenta saksvedlegg:**

1. Alkohollova
   URL: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27?q=alkohollova
2. Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (FOR 2005-06-08 nr 538)
   URL: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538

## SAMANDRAG

Etter å ha fått skjenkeløyve ved enkelthøve for alkoholgruppe 1 og 2 for tidsavgrensa periode i sommar, fekk Fjordkongen fast løyve for alkoholgruppe 1, 2 og 3 i driftsstyret i sak 24/15 den 19.08.15. Dette løyvet vart handsama administrativt, og rådmannen har beklaga at saka ikkje vart lagt fram for politisk handsaming. Problemstillingar i saka inneber at søknaden om fast løyve skulle vore lagt fram for kommunestyret til avgjerd før det vart gjeve løyve, jfr Rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Sakshandsaminga har ikkje vore tilstrekkeleg nok, og det er derfor behov for ein nøyare gjennomgang av saka. Driftsstyret har i møte 07.10.15, PS-sak 30/15 bedt om at saka vert lagt fram for kommunestyret:

1. *Driftsstyret ber om at administrasjonen vurderar saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016"*
2. *Driftsstyret rådar administrasjonen til ei ny synfaring på båten med tanke på båt-, bar- butikk-konseptet og vurdere utearealet.*
3. *Saka skal sendast vidare til neste møte i kommunestyret.*
4. *Driftsstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

## SAKSOPPLYSNINGAR

### Tidlegare saksgang

Volda kommune har handsama to søknader om skjenkeløyve ved *einskildhøve* frå Fjordkongen:

<u>Søknad datert 29.06.2015 (arkivsak 2015/1604)</u>
I arkivsak 2015/1604 er det handsama søknad 29.06.2015 om skjenkeløyve ved einskildhøve.

Dette gjaldt søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve. Det blei gjort eit delegert vedtak, der det blei gitt løyve til Fjordkongen AS i samband med besøk i Volda. "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016" seier at eit slikt løyve kan gis for *inntil* 6 dagar, men ved ein sakshandsamingsfeil blei det gitt løyve i 19 dagar. Løyvet var altså ikkje i tråd med lokal plan, men det er likevel ikkje i konflikt med alkohollova.

<u>Søknad datert 10.08.2015 (Arkivsak 2015/1796)</u>
Volda kommune mottok deretter ein ny søknad frå Fjordkongen AS datert 10.08.15 der det blei søkt om skjenkeløyve ved *ei rekke einskildhøve*. I denne søknaden ser ein at det som det blir søkt om berer preg av å vere definert under *fast løyve*, og sakshandsamar fann derfor at det ikkje var rett å bruke reglane etter einskildvedtak. Det blei gitt løyve ved einsikildhøve for det førstkomande arrangementet det var søkt om: Fjordcruise på Lauvstad 15. august, på grunn av at dette arrangementet var nært føreståande.

Søkjar vart oppmoda om å søkje om fast løyve dersom det framleis var aktuelt å ha fleire arrangement i Volda.

<u>Søknad datert 11.08.2015 (Arkivsak 2015/1796)</u>

Volda kommune mottok deretter ein ny søknad, datert 11.08.15 om serveringsløyve og *fast skjenkeløyve* for Fjordkongen AS. I denne søknaden blei det søkt om fast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Driftsstyret gjorde slik vedtak om fast/alminnelig skjenkeløyve om bord i passasjerfartøyet M/S Fjordkongen (PS-sak 24/15 den 19.08.15):

*Med heimel i alkohollova §§ 1-4 b, 1-7 a, 1-7 b, 1-7 c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:*

*Tidsrom:* *Frå vedtaksdato til 30.juni 2016.*
*Løyvehavar:* *FJORDKONGEN AS, org. nr. 915055885*
*Styrar: Terje Kragset, f. 30.09.60.*
*Stedfortredar: Arve Jøssang, f. 21.09.67*
*Skjenkestad:* *Løyvet gjeld om bord i M/S Fjord-kongen når fartyet ligg ved kai i Volda og på turar med utgangspunkt i Volda.*
*Alkoholvare:* *Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Og gruppe 3 i samsvar med søknad.*
*Omfang/type:* *Alminneleg løyve.*
*Type verksemd: Passasjerfarty som ikkje går i kollektivtrafikk.*
*Skjenkeareal:* *Inne 200m² og uteareal 200m².*
*Skjenketider:* *Jf. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016.*
*Opningstider: Skjenkestaden må stenge og tømast for gjester 30 min etter skjenketida er slutt.*
*Vilkår 1:* *Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at det må vere 18-års aldersgrense når det er pub, dans, trubadurkveld og/eller liknande på skjenkestaden. Når det er arrangement som er særskilt retta mot middagsgjestar og det vert servert alkoholhaldig drikk gruppe 3 må det vere 20-års aldersgrense. Så lenge aktiviteten om bord er fjordcruise og det skjer i oversiktlege former der gjestane sit til bords og matservering er ein vesentleg del av aktiviteten kan også dei under 18 år vere med i fylgje med vaksne.*
*Vilkår 2:* *Det vert stilt vilkår om at vakthald alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra.*
*Vilkår 3:* *Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt søknad og at dei stettar krava i alkohollova.*
*Vilkår 4 :* *Det vart stilt vilkår jf § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf. punkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk plan for Volda kommune 2012 – 2016".*
*Vilkår 5:* *Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for born og unge.*

I ettertid er det stilt spørsmål om fast skjenkeløyve for M/S Fjordkongen representerer eit nytt konsept, og om løyvet skulle vore handsama av kommunestyret, jf "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016".

Ei presisering av løyvet til M/S Fjordkongen vart lagt fram for driftsstyret i møte 07.10.15 (PS sak 30/15), der driftsstyret som nemnt vedtok å sende saka over til kommunestyret. Rådmannen utgreier ny sak, og ettersom det ikkje er driftsstyremøte før kommunestyremøtet, vert saka lagt fram med innstilling frå rådmannen direkte til kommunestyret.

**Løyvehavar**
Løyvehavar er Fjordkongen AS, org nr. 915055885. Skjenkestaden er passasjerfartyet MS Fjordkongen. Skjenkestaden har fått serveringsløyve og fast skjenkeløyve ut perioden som er fram til 30. juni 2016. Styrar for løyvet er Terje Kragset, f. 30.09.60. Vara for styrar er Arve

Jøssang, f. 21.09.67. Eigar og styrar for løyvet har nødvendige prøver for å drive både serveringsstad og skjenkestad. Vara for styrar har også kunnskapsprøve etter alkohollova. Vandelskravet er innfridd. Skjenkearealet er 200 m² inne, 200 m² ute. Det er 400 gjesteplassar totalt: 200 inne og 200 ute. Pr i dag har MS Fjordkongen løyve for 100 personar ombord når passasjerfartyet ikkje ligg til kai. Når det ligg til land gjeld ikkje dei same reglane for tal på besøkande.

I søknaden står det at M/S Fjordkongen vil drive fjordcruise og arrangement ved kaier på Sunnmøre. Det vart søkt om skjenkeløyve ved kaier i Volda kommune og ved fjordcruise med utgangspunkt frå kaier i Volda kommune.

**Synfaring fredag 16.10.2015**
Terje Kragset møtte som representant for Fjordkongen AS, Bente Engeseth og Inger-Johanne Johnsen møtte frå administrasjonen.
Tal på passasjerar:
Terje Kragset opplyste om at båten pr i dag har sertifikat for 100 passasjerar når den er i drift (t.d. fjordcruise), men at det blir arbeidd for å få på plass eit nytt sertifikat slik at båten kan ha 300 passasjerar. Når båten ligg i land blir det praktisert at det berre vert tatt om bord maksimalt 200 menneskjer.
Tilgong til butikk/butikkareal:
Butikklokalet er eit eige rom i båten. I eine enden er det ei dør som knapt er synleg pga spegel på. Denne døra er ikkje låst pga branntryggleik. I andre enden (mot baren/skjenkearealet) er det delvis vegg, med tre opningar med søyler mellom. Mellom søylene er det klesstativ som hindrar passasje og utsyn/innsyn. I den eine opninga var det berre eit bord som skal hindre passasje. Båten har moglegheit for å "sluse" folk direkte inn i butikkareal, utan at dei må gå via skjenkeareal, men samtidig manglar det eit fysisk skilje mellom skjenkelokalet og butikklokalet.
Sikkerheit/avgrensing: Båten har gelender med høgde 1,2 m rundt heile båten. Det er alltid plassert vakt ved landgangen, opplyste Kragset om. Landgangen er også sikra med ekstra nett, når båten ligg ved land og skjenkestaden er open for publikum. Det er nylig lagt teppe på dekk for å hindre at folk glid. Kragset opplyser om at utearealet er avgrensa til å berre gjelde fremre del av båten ved skjenking i helgene.
Kjøkken/servering: Båten har ikkje godkjent kjøkken etter dei krava som vert stilt til restaurantdrift. Det er opplyst at ved større arrangement vil ikkje mat bli tilberedt om bord. Fjordkongen vil nytte catering t.d. når det skal vere julebord. Det er spiseplassar om bord (ferjebenker og bord i salongen).

**Uteareal**
Alt skjenkeareal ute er sikra med rekkverk alle stader. Nede er det avgrensa med høg rekke, og oppe i båten er der rekkverk på 1.20 m. Landgangen er sikra med ekstra nett og den skal alltid vere godt overvaka. At landgangen må vere godt overvaka og sikra var for øvrig eit vilkår i vedtaket som driftsstyret gjorde 19.08.2015 (sak 24/15).

I "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016" vedlegg 1-1, pk. 9 står fylgjande: "*Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol inntil 22 vol % på godkjende uteområde i tilknyting til skjenkestadar med eksisterande alminneleg løyve. Bruken av utearealet skal vere godkjent i høve regulering og plan- og bygningslova, før det kan gjevast løyve. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa.*"

Det er gitt løyve for skjenking på uteareal om bord i båten. Det er ikkje relevant å gjere vurderingar jf pk. 9) då dette er om bord i ein båt. Kravet i Rusmiddelpolitisk handlingplan om at skjenkeareal ute skal vere tydeleg definert og avgrensa, har med kontrollomsynet å gjere. Det skal ikkje vere mogleg å lange alkoholhaldig drikk til folk som ikkje er gjestar ved skjenkestaden. Båten er av naturens art avgrensa frå folk utanfor skjenkearealet.

**Marknadsføring**
Det har blitt stilt spørsmål om marknadsføringa til Fjordkongen er brot på regelen om reklameforbod, alkohollova § 9-4.

Etter "*Forskrift for omsetning av alkoholhadig drikk mv.*", § 14-3 "*Unntatt frå forbudet er:*" pk. 3: *"Annonser om salgssted eller skjenkested med informasjon om stedets navn, adresse og åpningstider samt bevillingsrettigheter.*"

Alkoholhaldig drikk er ei lovleg vare, og det er ikkje ulovleg å opplyse om at ein har skjenkerett og for kva alkoholgrupper ein har løyve for.

Marknadsføringa viser tydeleg at denne verksemda driv både butikk og skjenkestad. Så lenge skjenkestaden ikkje brukar vare- eller firmamerke eller kjenneteikn for alkoholhaldig drikk som ein må anta at dei reklamen vender seg til, vil oppfatte som alkoholreklame, er det ikkje i strid med reklameregelen i alkohollova eller i forskrifta.

**Internkontrollrutinar MS Fjordkongen**
I følgje "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016" pkt 1.2.1. skal skjenkestaden ha internkontrollrutiner, og desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det etter denne bestemmelsen eit krav om at internkontrollrutinene skal vere levert til kommunen ein månad etter at løyvet er tildelt. Kommunen har pr dags dato ikkje motteke internkontrollrutiner for MS Fjordkongen, og det må bli stilt vilkår om at desse blir ettersendt innan ein gitt frist for at løyvet skal gjelde.

**Løyve for alkoholgruppe 3**
I vedlegg 1-1 Retningsliner/kriteria for tildeling av saks- og skjenkeløyve i Rusmiddelpolitisk handlingsplan står det følgjande som overordna hovudregel:

*Når det gjeld vurderingar knytt til løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol. %, skal det som hovudregel leggjast vekt på skjenkestaden sitt konsept. Konsept som satsar på matservering og tilbod til middagsgjestar kan få alle rettar. Konsept som har meir preg av pub/bar/kro, konsertscene eller dansestad kan berre få løyve for alkohol inn til 60 vol. % etter ei særskilt vurdering.*

Planen skisserer vidare kva løyve som gjevast til ulike driftskonsept, m.a:

3. *Restaurantar og enklare serveringsstader*
   *Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudformålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.*

4. *Pub/bar*
   *Dette konseptet vert kjenneteikna som ein uformell serveringsstad, med hovudvekt på omsetjing av øl og vin på kveldstid og i helgane. Det vert ofte servert enklare mat og snacks. Denne typen skjenkestader kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.*

*Berre etter nærare, særskilt vurdering; inntil 60 vol. %. Ein føresetnad for slikt løyve vil vere eige, avgrensa lokale, eigen inngang og med aldersgrense på minst 20 år.*

5. *Selskapslokale*
   *Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere middagsgjester i slutta selskap. Slike stader kan få innskrenka skjenkeløyve med alle rettar.*

Båten Fjordkongen er ikkje eit driftskonsept som er særskilt regulert av planen. Ein må likevel vurdere om konseptet kjem inn under dei kriteria som kan gi grunnlag for å gi fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 3. Det fell ikkje inn under hovudregelen for slike rettar ettersom det ikkje er eit konsept med matservering som hovudformål. Krava til kjøkken og matservering for hovudformål tilseier at konseptet heller ikkje kjem inn under punkt 3 ovanfor. Konseptet kjem heller ikkje inn under punkt 5 selskapslokale der vilkåret er at driftskonseptet er å servere middagsgjestar i slutta selskap. Driftskonseptet ber meir preg av pub/bar i punkt 4 ovanfor der det berre etter nærare og særskilt vurdering kan gjevast skjenkeløyve inntil 60 vol. % (alkoholgruppe 3). Ein føresetnad for slikt løyve er at ein har eit eige lokale som er avgrensa frå det øvrige skjenkelokalet og med eigen inngang, samt aldersgrense 20 år. Fjordkongen har ikkje eit slikt eige lokale fysisk avgrensa med eigen inngang mv i høve til skjenkearealet som vert vurdert som pub/bar.

Rådmannen meiner at skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 er gitt på sviktande grunnlag da det ikkje er i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune. Rådmannen meiner at kommunen bør gjere tiltak med sikte på å inndrage løyvet for alkoholgruppe 3. I mellomtida vert det nødvendig å presisere at aldersgrense ved skjenking av alkohol i gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og at det ikkje er høve til å ta med yngre i følgje med vaksne.

Etter forvaltningslova § 35 kan vedtaket gjerast om til skade for den det gjeld, her Fjordkongen AS, dersom vedtaket er å sjå på som ugyldig. Vedtaket om løyve i alkoholgruppe 3 er i utgangspunktet ikkje ugyldig i høve til alkohollova, men strid i mot kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen meiner likevel kommunen bør varsle løyvehavar om at ein har til siktemål å trekkje attende fast løyve om skjenkeløyve i alkoholgruppe 3, og at Fjordkongen AS ut frå sitt konsept heller bør søkje om slikt løyve ved enkelthøve. Rådmannen meiner at kommunen bør avklare nærare juridisk før ein går til det skrittet å trekkje det faste løyvet attende, men uansett kan det vere naturleg å forvente at Fjordkongen AS med bakgrunn i kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan er innstilt på å rette seg etter denne.

Dersom det faste løyvet vert inndrage, kan Fjordkongen likevel søke om skjenkeløyve ved einskildhøve for alkoholgruppe 3 når det t.d. blir arrangert julebord eller andre lukka lag om bord.

**Representerer eit fast skjenkeløyve for M/S Fjordkongen eit nytt konsept i Volda kommune?**

I Volda kommune sin "Rusmiddelpolitiske handlingsplan 2012-2016, går det fram at det skal førast ei restriktiv line når det gjeld tildeling av nye typar konsept (jf handlingsplan pkt 1.2. siste strekpunkt og vedlegg 1-1 pkt 10). Kombinasjonen pub/bar med alkoholservering og handel om bord i båten er ny i Volda kommune, og tildeling av løyvet etter søknad datert

11.08.2015 burde difor vore handsama av kommunestyret, og ikkje driftsstyret. Det er kommunestyret som skal vurdere tildeling av skjenkeløyve til nye konsept.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Sjå alkoholpolitisk handlingsplan.

**Økonomiske konsekvensar:**
Løyvehavar må betale gebyr til kommunen etter faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk. Minimumsgebyret er kr 4100,- pr. år.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>rådmann | Inger-Johanne Johnsen<br>sektorsjef kultur og service |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
FJORDKONGEN AS, c/o Terje Kragset, 6149 ÅRAM
Ørsta og Volda lensmannskontor, Torvmyrane 11 B, 6160 HOVDBYGDA
Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6022 ÅLESUND
Arve Jøssang, Hellandsheiveien 36, 4120 TAU

**Klageinstans:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Internkontroll for skjenkested – *M/S FJORD-KONGEN* *KALLESIGNAL: JWRU*

## 1 Kartlegging av utfordringer og beskrivelse av tiltak

| Regel<br><br>Alkoholloven (AL)<br><br>Alkoholforskriften (AF) | Overtredelse og antall prikker som tildeles etter regler som trår i kraft 1.1.2016 | Utfordringer i forbindelse med forebygging av overtredelser<br><br>Forebyggende tiltak og rutiner (innhold i tiltak/rutine, oppfølging ved evt. problemer o.a.)<br><br>Hvilke ansatte som har ansvar for å følge rutiner eller iverksette tiltak, eventuelle frister o.a. |
|---|---|---|
| AL § 1-5 | Skjenking til person som er under 18 år - åtte prikker | Utfordringer: Falsk og lånt legitimasjon. Viser et lånt/falsk legitimasjon i døren og betaler med sitt eget bankkort. Mindreårige kommer av og til sammen med en eldre vennegjeng. Vanskelig å gjette alder. Kommer ofte tidlig på kvelden før vakten er på plass. Mindreårige får alkohol av eldre gjester. Personalet sjekker ikke legitimasjon fordi de regner med at vaktene har gjort det. Ved visse typer arrangement er det mange mindreårige som prøver å komme inn. |
| | | Tiltak/rutiner: Dørvakt(Gangveisvakt) har instruks om å sjekke legitimasjon på alle som ser ut som de er under 25 år. 18 års aldersgrense for ombordstigning når vi har arrangement på kveldstid. Er Dørvakt i tvil om alder, har den ansatte rett plikt til å spørre om (men ikke kreve) legitimasjon. Hvis personen ikke viser legitimasjon, skal ombordstigning nektes. Steg-for-steg rutiner for hva man ser etter ved legitimasjonskontroll: Hold legitimasjonen i hånden. Sjekk om det er helt, og kjennes ekte ut. Ved å stryke tommelen diagonalt over ID-kortet kjenner man om det er i flukt eller forhøyet på riktige steder. Bruk god tid. Ligner bildet? Stemmer alderen? Spør evt. om stjernetegn. Avvik logges i vaktboka. Ha vurdering i forkant på sjansene for at det kommer mange mindreårige. Ha ekstra vakter de kveldene og briefe dem på å sjekke legitimasjon ekstra nøye. |
| | | Ansvar: Styrer, bartendere og dørvakt. Fortløpende. |
| AF § 4-1 | Brudd på plikten til å sørge for at | Utfordringer: Gjester drikker for mye, blir syke, får skader, atypisk rus og blir ute av stand til å ta vare på seg |

| | | |
|---|---|---|
| | personer som trenger det, får nødvendig bistand – åtte prikker | selv og får ikke den hjelpen de trenger. Skjer ofte på travle tidspunkter når personalet har veldig mye å gjøre. |
| | | Tiltak/rutiner: Dersom noen blir ute av stand til å ta vare på seg selv, skal en eller flere av de ansatte hjelpe personen. Hjelpen kan bestå i å sørge for at personen blir ivaretatt av en venn/venninne (NB ikke la gutter ta vare på jenter du ikke er helt sikker på at de kjenner godt fra før), yte førstehjelp, ringe ambulanse, taxi eller politi. Stedet må, selv i travle perioder, kunne frigjøre ansatte til å hjelpe i slike situasjoner, f.eks. ansvarshavende, ryddehjelp, dørvakt. Pass på at personen ikke har tilgang til alkohol. |
| | | Ansvar: Styrer informerer nye ansatte på personalmøter. Alle ansatte. Fortløpende |
| AL § 4-7 | Brudd på kravet om forsvarlig drift – åtte prikker | Utfordringer: Utfordrende å holde oversikt over alle plikter som følger av regelverket. Utfordrende å sikre at alle ansatte følger opp stedets rutiner. Besøkstall kan variere kraftig, vanskelig å sikre at det til enhver tid er nok ansatte på jobb. For mange gjester, for få ansatte på jobb. Utfordrende klientell kan kreve ekstra oppfølging og ta oppmerksomheten bort fra andre oppgaver. Ikke tilstrekkelig gode forundersøkelser kan føre til at man kjører et risikoarrangement og mister kontrollen over skjenkingen og gjestenes sikkerhet. Ikke nok ryddehjelp til å ta unna tomme glass, risiko for at de knuses og kan medføre skade. |
| | | Tiltak/rutiner: Sikre at alle får tilstrekkelig opplæring knyttet til sine oppgaver. Bruke arbeidsavtaler, medarbeidersamtaler, personalmøter mv. til å understreke viktigheten av å følge regelverket og våre rutiner. Ved uventede hendelser skal styrer/stedfortreder tilkalles/kontaktes for å vurdere situasjonen og sette i verk nødvendige tiltak. Tilkalle flere ansatte. Stenge innslipp, stenge baren, stenge stedet. Styrer må ved spesielle arrangementer gjøre grundige undersøkelser med hensyn til hvem som vil komme og organisere arrangementet deretter. |
| | | Ansvar: styrer/stedfortreder, ansvarshavende |
| AL § 1-9 | Hindring av kommunal kontroll - åtte prikker | Utfordringer: Manglende kunnskap om kravet/usikkerhet om egne plikter kan medføre at ansatte ønsker å konferere med overordnede før de gir adgang til lokalet eller samarbeider med kontrollørene. |
| | | Tiltak/rutiner: Opplæring til alle ansatte. Kontrollørene skal aldri nektes adgang til lokalet, selv om de kommer utenom åpningstiden eller ved private fester. De skal ikke vente eller stå i kø. De skal ikke nektes hjelp ved behov for informasjon eller ved legitimasjonskontroll. |
| | | Ansvar: Styrer/stedfortreder. Fortløpende |
| AF § 4-2 | Skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av | Utfordringer: Drikkekultur som forventer fyll. Arbeidsforholdene gir dårlige muligheter for vurdering av rusnivå (lys, musikk, fullt). Serveringsnekt skaper dårlig stemning og tar tid. Bartendere prioriterer heller å få |

| | | |
|---|---|---|
| | rusmidler – fire prikker | unna køen enn å vurdere rusnivå. vanskelig å avvise/bortvise stamgjester. Når mange er åpenbart påvirket er det vanskelig å peke ut enkeltpersoner. Vanskelig å vurdere rusnivå når en gjest sitter. Gjester kjøper til hverandre, vanskelig å kontrollere hvor alkoholen skal. Personer kommer fra vorspiel eller bar med stigende rus. |
| | | Tiltak/rutiner: Legge arbeidsforholdene til rette, slik at det blir gode muligheter for vurdering av rusnivå, og være tydelig på at dette må prioriteres: Vakt ved gangveien tar vurdering når folk kommer ombord. Den andre vakten tar vurdering av gjestene i lokalet. Barpersonalet skal være oppmerksom på hver enkelt som skjenkes selv når det er vakt. Dersom de er i tvil, må personen nektes alkohol. Dersom personen er åpenbart påvirket, må personen forlate lokalet. Det skjenkes heller ikke til resten av et bord før personen har forlatt lokalet. Henvis til alkohollov og at bevilling kan ryke. Be om hjelp fra annet personell /dørvakt dersom gjesten er kranglete. |
| | | Ansvar: Styrer/stedfortreder + alle ansatte på jobb. |
| AL § 4-4 | Brudd på skjenketidsbestemmelsene – fire prikker | Utfordringer: Tar imot bestilling før kl. 0200, rekker ikke å dele ut alkoholen før kl. 02.00. Skjenker mye helt frem til kl. 0200, spiller høy musikk og har dunkel belysning frem til kl. 0220 og rekker ikke å få fjerne all alkohol og få ut gjestene før 0230. Gjester er i lokalet og/eller drikker alkohol etter 0230.<br><br>Personalet kan bli fristet til å invitere gjester til personalpils etter 0230. |
| | | Tiltak/rutiner: Ikke ta imot bestilling uten at man er sikker på at man rekker å dele ut alkoholen før kl 0200. En enhet alkohol pr. gjest fra kl 0145. Rolig og lav musikk fra kl. 0215, samt slå på lyset kl 0215. Si ifra til gjestene at de må begynne å trekke ut kl. 02.20, og at alle må være ute før 02.30.<br><br>Ikke tillate personalpils etter jobb.<br><br>Angitte klokkeslett gjelder når skjenketiden er til kl 0200.<br><br>Desse tidene må justeres tilsvarende når skjenketiden endres.<br><br>Sjekk alltid skjenketiden i skjenkeløyvet gitt av kommunen i den aktuelle havn vi ligger i. |
| | | Ansvar: Styrer/alle ansatte på jobb |
| AL § 1-5 og AF § 4-3 | Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år – | Utfordringer: Dersom 18-/19-åringer slipper inn i lokalet, kan det tenkes at de vil prøve å bestille shots/drinker eller at de ber eldre venner om å kjøpe for seg. |

| | | |
|---|---|---|
| | fire prikker | Tiltak/rutiner: Aldersgrense for inngang 20 år dersom vi har skjenkeløyve for gruppe 3. Be om leg. om personen ser ut til å være under 25 år. |
| | | Ansvar: Dørvakter/barpersonale |
| AL § 1-5, AF § 2-3 | Brudd på alderskravet til den som skjenker alkoholholdig drikk – fire prikker | Utfordringer: Manglende kjennskap til innholdet i kravene. |
| | | Tiltak/rutiner: Ikke tilsette personer under 20 år i stillinger som vil medføre skjenking. |
| | | Ansvar: Daglig leder |
| AF § 4-1 | Det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, - to prikker | Utfordringer: Vanskelig for dørvakt å bedømme beruselsesnivå. Når det ikke er dørvakt på jobb, kan man risikere at åpenbart påvirkede går rett inn, uten at barpersonale eller andre ansatte oppdager det. Lokalet er uoversiktlig og det er mulig å gjemme seg unna. Åpenbart påvirkede personer kommer i følge med mange som ikke er det. |
| | | Tiltak/rutiner: Det skal alltid vere vakt (dørvakt) ved gangveien når det er skjenking på kveldstid ved kai. Dørvakt bruker lengre tid, stiller spørsmål eller småprater for å sjekke alkoholnivå. Jevnlige rydderunder i lokalet for å avdekke eventuelle åpenbart påvirkede personer. Enhver som er på vakt sier fra til en kollega, og får personen ut så raskt som mulig. |
| | | Ansvar: Ansatte på jobb. |
| AL § 1-9, AF kap. 8 | Mangler ved bevillingshavers internkontroll – to prikker | Utfordringer: Manglende kunnskap om innholdet i kravet. Ikke tydeliggjort hvem som har ansvaret for utarbeidelsen. Vanskelig å vite hvilke utfordringer man vil møte før stedet har vært i drift en tid. Oppgaven oppfattes som vanskelig/byråkratisk. Når systemet er ferdig utarbeidet, legges det bort og glemmes. De ansatte føler ikke eierskap til systemet. Vanskelig å huske alle rutiner. Stor turnover – utfordrende å sikre at alle nye kjenner innholdet i rutiner til enhver tid. Ansatte opplever at rutiner ikke fungerer optimalt, men informerer ikke styrer/stedfortreder. |
| | | Tiltak/rutiner: Bruke tid på å tenke gjennom mulige utfordringer og laget gode rutiner for dette. Involvere de ansatte ved utarbeidelsen av systemet. Opplæring av ansatte og nyansatte i relevante deler av systemet. Alle ansatte må lese og underskrive en utskrift av beskrivelsen, samt relevante vedlegg. Oppslag med rutiner bak bar/personalrom osv. Oppslag med viktige rutiner rettet mot gjester.<br><br>Ansvarshavende skriver logg ved hver vaktslutt over uønskede hendelser, problemer, behov for endringer i rutiner/tiltak. Ha internkontrollsystemet som punkt på jevnlige personalmøter. Gjøre jevnlige nye |

| | | |
|---|---|---|
| | | vurderinger av risiko for å overtre alkoholloven. Sjekke om noen rutiner må endres. |
| | | Ansvar: Styrer. Før åpning av stedet, deretter fortløpende. |
| AF kap. 6 | Manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist – to prikker | Utfordringer: Vanskelig å vurdere forventet omsetning. Det kan være krevende å holde god oversikt over totalomsetning av alkohol. |
| | | Tiltak/rutiner: Forventet omsetning baseres på fjorårets omsetning, med mindre det er åpenbart at det vil skje store endringer (avregning vil uansett skje ved årets slutt). Sikre at all alkoholomsetning registreres, og er lett tilgjengelig. Arbeid med omsetningsoppgaven legges inn i årshjul med tilstrekkelig tid til forberedelse. |
| | | Ansvar: Daglig leder |
| AF kap. 6 | Manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist – to prikker | Utfordringer: Manglende likviditet på betalingstidspunktet/ikke satt av midler. |
| | | Tiltak/rutiner: Legges inn i årshjul med tilstrekkelig tid til forberedelse. |
| | | Ansvar: Daglig leder |
| § 1-7 c, AF § 2-2 | Brudd på krav om styrer og stedfortreder – to prikker | Utfordringer: Stor turnover. Det kan være vanskelig å finne styrer/stedfortreder med riktig kompetanse/bestått kunnskapsprøve. |
| | | Tiltak/rutiner: Utlyse stillingen/rekruttere personer i god tid før åpning. Be om dokumentasjon for bestått kunnskapsprøve i alkoholloven, evt. melde på vedkommende til kunnskapsprøven. Melde i fra til kommunen ved endringer/skifte av styrer/stedfortreder. |
| | | Ansvar: Bevillingshaver/daglig leder. |
| AL § 1-8 | Gjentatt diskriminering på skjenkestedet – to prikker | Utfordringer: Ansatte som oppfatter at stedet kun retter seg mot en bestemt type klientell. |
| | | Tiltak/rutiner: Policy om at alle gjester behandles likt uansett etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion eller livssyn. Informere nyansatte om hva diskriminering er og ha det som eget tema på personalmøte en gang årlig. Vise tydelig at dette ikke er akseptert. |
| | | Ansvar: Daglig leder. Løpende |
| Al § 1-8 | Gjentatt narkotikaomsetning på | Utfordringer: Kan være vanskelig å oppdage. |

| | | |
|---|---|---|
| | skjenkestedet – to prikker | Tiltak/rutiner: Fortelle nyansatte om hva de skal se etter. Sjekke toaletter og mørke kroker jevnlig. Følge med på om flere går på do samtidig, ev. banke på og spørre om alt er ok, spørre om de trenger toalettpapir slik at det er tydelig at de er observert, men på en vennlig måte. Be ryddepersonalet ha et våkent øye for dette. |
| | | Ansvar: Daglig leder og ansatte. Fortløpende |
| AF § 4-6 | Brudd på kravet om alkoholfrie alternativer – én prikk | Utfordringer: |
| | | Tiltak/rutiner: Sikre at alle hovedkategorier av alkohol har et reelt alternativ, for eksempel alkoholfritt øl/cider til øl, alkoholfri vin eller fruktdrikker til vil, alkoholfrie drinker osv. Vurdere hvilke alkoholfrie alternativer som etterspørres, be de ansatte om å merke seg dette. |
| | | Ansvar: Daglig leder/styrer/innkjøpsansvarlig |
| AF § 4-5 | Brudd på regler om skjenkemengde - én prikk | Utfordringer: |
| | | Tiltak/rutiner: Drikk med mer enn 22 volumprosent alkohol skjenkes kun i mengder á 2 og 4 cl, med unntak for cocktails som er godkjent av den internasjonale bartenderforeningen (www.iba.com). Egenkomponerte drinker kan ikke ha innhold av slik drikk som overstiger til sammen 4cl. |
| | | Ansvar: Styrer |
| AF § 4-4 | Konsum av medbrakt alkoholholdig drikk - én prikk | Utfordringer: Gjester gjemmer lommelerker på kroppen, flasker o.l. i vesker og bager, på toalettet o.l.. Dette skjer særlig i julebordstider og på spesielle arrangementer. |
| | | Tiltak/rutiner: Sjekke toaletter, be om å se i bager og på innerlommer dersom det er mistanke. Gjesten kan nekte å vise/tømme, men må da forlate stedet eller kommer ikke inn. |
| | | Ansvar: Styrer, alle ansatte. Fortløpende |
| AF § 4-4 | Gjester medtar alkohol ut av lokalet - én prikk | Utfordringer: At noen tar med seg en halvliter «på innerlomma», at gjester prøver å kjøpe med seg alkohol til nachspiel. |
| | | Tiltak/rutiner: Holde et godt øye med dem som forlater stedet. Åpne all alkohol på boks fra 0145. Eget bord man kan sette fra seg drikke på når man skal ut, som dørvaktene passer på. Ikke selge alkohol som ikke skal nytes på stedet. |
| | | Ansvar: Alle ansatte på jobb, spesielt dørvaktene |

| | | |
|---|---|---|
| AL § 9-2, AF kap. 14 | Brudd på reklameforbudet - én prikk | Utfordringer: Manglende kunnskap om innholdet i forbudet. Lett å se hen til hva andre steder gjør, uten at det er sikkert at det de gjør er tillatt. |
| | | Tiltak/rutiner: All informasjon rettet mot kunder vurderes opp mot reklameforbudet. Sjekke at serveringsutstyr og andre artikler med logo o.l. er i tillatt. Vurdere informasjon på nettsider opp mot reklameforbudet. Ikke markedsføre alkohol, alkoholholdige produkter, rabatter osv. i sosiale medier. |
| | | Ansvar: Styrer |
| AL § 4-3 | Brudd på vilkår i bevillingsvedtaket - én prikk | Utfordringer: *(knyttet til hvert enkelt vilkår)* |
| | | Tiltak/rutiner: *(knyttet til hvert enkelt vilkår)* |
| | | Ansvar: *(knyttet til hvert enkelt vilkår)* |
| | Andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, blant annet 4-1 annet ledd (krav om leverandør av alkohol) og spesielle forbud i alkoholloven kapittel 8 (bruk av alkohol som gevinst/premie, utdeling av alkohol i markedsføringsøyemed, innførsel/omsetning av alkohol over 60 volumprosent) | Utfordringer: Holde oversikt over alle regler. |
| | | Tiltak/rutiner: Sjekke alle nye tiltak knyttet til alkohol opp mot alkoholloven, evt. be kommunen om råd. |
| | | Ansvar: Styrer |
| **2** | **Beskrivelse av praksis: opplæring og oppfølging av internkontrollen** | |
| | Det er styrer og stedfortreder om bord som har ansvaret for opplæring av ansatte.<br><br>Opplæringen skal omfatte: Skipets sikkerhetsplan spesielt mht rømningsveier, mønstringsstasjon, livbelter, mob livbøye, brannmelder. | |

| | |
|---|---|
| | Alkoholloven,  skjenkeregler om bord etc<br><br>Opplæringen skal utføres før den ansatte har ansvaret i baren og skal signeres i skipets dokument mappe.<br><br>Deltakelse på ansvarlig vertskap-kurs og bransjetreff.<br><br>Det er styrers ansvar at internkontrollsystemet fungerer og overholdelse av regelverket.<br><br>Ved hvert arrangement skal det briefing og debriefing og avvik skal noteres i vaktloggen.<br><br>Avvik og rutiner som ikke fungerer etter sin hensikt skal føre til revidering av internkontrollsystemet.<br><br>Styrer og stedfortreder skal minst hvert kvartal revidere internkontrollsystemet. |
| | |
| | |
| | |

| 3 | **Eventuelle vedlegg** |
| --- | --- |
| | |
| | |

# Vakthold for M/S Fjord-Kongen

Når gangveien rigges må det påses at det er nok slakk på wire for å unngå at den blir hengende på høyere vannstand.

Sikkerhetsnett sjekkes for hull, plassering og festing.

Maks helningsvinkel for ombord/ilandstigning er 35 grader.

Vakter ved gangvei skal ha UHF forbindelse med annet mannskap.
Eller hurtig å kunne tilkalle hjelp på annen måte.

Ved snø og is skal det strøes med sand eller salt for å unngå skliing på gangveien
Strø også foran gangveien.

Det skal ligge teppe på dekk mellom gangvei og inngangsdør.

Er inngangen til gangveien nærmere enn 2 meter fra kai kanten skal området skiltes eventuelt avgrenses.

Gangveien skal alltid vere bevoktet når det arrangeres aktiviteter ombord med skjenking.

Når det er mange som kommer ombord eller som skal forlate gangveien samtidig, skal det alltid vere 2 vakter ved gangveien (eks. ved skjenketidens slutt).

Skulle noen falle overbord eller dette i sjøen fra land følges mann overbord prosedyre.

M/S Fjord-Kongen

03.02.2016

Terje Kragset

PARADIS NAUTICA

# Sikkerhets og Evakueringsplan
# Safety and Evacuation plan
# M/F FJORD-KONGEN - JWRU

## Symbol liste
## LEGEND

| Symb. SYM | Beskrivelse DESCRIPTION | Antall QTY |
|---|---|---|
| | Mob-båt, 4 personer RESCUE BOAT, 4 PERSONS | 1 |
| | Redningsflåte, 150 personer LIFERAFT, 150 PERSONS | 4 |
| | Redningsflåte, 51 personer LIFERAFT, 51 PERSONS | 3 |
| | MES atasjon, sb MES STATION, SB | 1 |
| | MES atasjon, bb MES STATION, PS | 1 |
| | Livbøye med line LIFE BOUY WITH LINE | 3 |
| | Livbøye med lys LIFE BOUY WITH LIGHT | 3 |
| | Livbøye med lys og røyk LIFE BOUY WITH LIGHT AND SMOKE | 2 |
| Utløser livbøye | Utløser livbøye LIFE BOUY RELEASE | 2 |
| | Mønstrings-/Evakueringstasjon MUSTER/EVACUATION STATION | 1 |
| | Redningsvester for barn CHILD'S LIFE JACKETS | 65 |
| | Redningsvester for baby BABY'S LIFE JACKETS | 6 |
| | Redningsvester LIFE JACKETS | 634 |
| | Redningsdrakt IMMERSION SUITS | 4 |
| | Bærbar VHF radio PORTABLE VHF RADIO | 4 |
| | Fallskjermlys ROCKET PARACHUTE FLARES | 3 |
| | Sykebåre STRETCHER | 1 |
| | Medisin utstyr MEDICAL EQUIPMENT | 1 |
| | Nødutgang EMERGENCY EXIT | |
| | Nødlys EMERGENCY LIGHT | 36 |
| Safety Plan | Sikkerhetsplan SAFETY PLAN | 3 |
| | Fluktretning PRIMARY MEANS OF ESCAPE | |
| | Alternativ fluktretning SECONDARY MEANS OF ESCAPE | |




| Rev. | By | Date | Appr. | Date | Description | Change ref. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| B | FF | 08.05.12 | | | Oppdatert med nytt fartøysnavn | – |
| A | FF | 13.02.08 | | | Oppdatert ihht til kommentarer fra Sdir. | – |

MF FJORD–KONGEN

TITLE: Safety & Evacuation Plan
Sikkerhets og Evakueringsplan

YARD NO.: | DATE: 28.08.07 | YARD DRW. NO.: | CONSTR.: FF | DATE: | CONTR.: FF

PARADIS NAUTICA
MARINE CONSULTANTS

P.O. Box 171, N–5856 Bergen – Norway
Phone: +47 55 92 74 70 Fax +47 55 92 74 80
www.paradis-nautica.com post@paradis-nautica.com

SCALE: 1:150 | CAD FILE/DRAWING NO.: 11148 | REVISION: B
SFI NO.: | PN PROJECT NO.: P.677 | PLOT DATE: 08.05.12

Hei Bente
Innvendig skjenkeareal er dekket med kiosken.
Utvendig skjenkeareal er det utvendige paa dekket med kiosken pluss det utvendige arealet paa dekket over.

mvh
Terje

---

From: boutique.no@hotmail.com
To: fjord@norled.no
Subject: FW: VS: Sikkerhets og evakueringsplan Fjord Kongen
Date: Fri, 20 Nov 2015 16:01:08 +0100

---

From: mette@larsnes-mek.no
To: boutique.no@hotmail.com
Date: Wed, 29 Apr 2015 12:11:43 +0200
Subject: VS: Sikkerhets og evakueringsplan Fjord Kongen

Mvh
Mette Longva
Larsnes Mek. Verksted AS

Tlf.   +47 70 02 64 14
Mob. +47 99 56 76 86
www.larsnes-mek.no

2015/1796

NAUTICA

# Sikkerhets og Evakueringsplan
# Safety and Evacuation plan
# M/F FJORD-KONGEN · JWRU

Attn: Bente Engeseth

### Symbol liste LEGEND

| Symb. SYM | Beskrivelse DESCRIPTION | Antall QTY |
|---|---|---|
| | Mob-båt, 4 personer<br>RESCUE BOAT, 4 PERSONS | 1 |
| | Redningsflåte, 150 personer<br>LIFERAFT, 150 PERSONS | 4 |
| | Redningsflåte, 51 personer<br>LIFERAFT, 51 PERSONS | 3 |
| 1 | MES stasjon, sb<br>MES STATION, SB | 1 |
| 2 | MES stasjon, bb<br>MES STATION, PS | 1 |
| | Livbøye med line<br>LIFE BOUY WITH LINE | 3 |
| | Livbøye med lys<br>LIFE BOUY WITH LIGHT | 3 |
| | Livbøye med lys og røyk<br>LIFE BOUY WITH LIGHT AND SMOKE | 2 |
| | Utløser livbøye<br>LIFE BOUY RELEASE | 2 |
| | Mønstrings-/Evakueringstasjon<br>MUSTER/EVACUATION STATION | 1 |
| | Redningsvester for barn<br>CHILD'S LIFE JACKETS | 65 |
| | Redningsvester for baby<br>BABY'S LIFE JACKETS | 6 |
| | Redningsvester<br>LIFE JACKETS | 634 |
| | Redningsdrakt<br>IMMERSION SUITS | 4 |
| | Bærbar VHF radio<br>PORTABLE VHF RADIO | 4 |
| | Fallskjermlys<br>ROCKET PARACHUTE FLARES | 3 |
| | Sykebåre<br>STRETCHER | 1 |
| | Medisin utstyr<br>MEDICAL EQUIPMENT | 1 |
| | Nødutgang<br>EMERGENCY EXIT | |
| | Nødlys<br>EMERGENCY LIGHT | 36 |
| | Sikkerhetsplan<br>SAFETY PLAN | 3 |
| | Fluktretning<br>PRIMARY MEANS OF ESCAPE | |
| | Alternativ fluktretning<br>SECONDARY MEANS OF ESCAPE | |




1 - Innvendig skjenkeareal
2 - Utvendig skjenkeareal

MF FJORD-KONGEN
Safety & Evacuation Plan
Sikkerhets og Evakueringsplan
PARADIS
1:150 11148 B

NAUTICA

attn: Bente Engeseth

# Sikkerhets og Evakueringsplan
# Safety and Evacuation plan
# M/F FJORD-KONGEN - JWRU

**Symbol liste**
**LEGEND**

| Symb. SYM | Beskrivelse DESCRIPTION | Antall QTY |
|---|---|---|
| | Mob-båt, 4 personer<br>RESCUE BOAT, 4 PERSONS | 1 |
| | Redningsflåte, 150 personer<br>LIFERAFT, 150 PERSONS | 4 |
| | Redningsflåte, 51 personer<br>LIFERAFT, 51 PERSONS | 3 |
| | MES stasjon, sb<br>MES STATION, SB | 1 |
| | MES stasjon, bb<br>MES STATION, PS | 1 |
| | Livbøye med line<br>LIFE BOUY WITH LINE | 3 |
| | Livbøye med lys<br>LIFE BOUY WITH LIGHT | 3 |
| | Livbøye med lys og røyk<br>LIFE BOUY WITH LIGHT AND SMOKE | 2 |
| | Utløser livbøye<br>LIFE BOUY RELEASE | 2 |
| | Mønstrings-/Evakueringstasjon<br>MUSTER/EVACUATION STATION | 1 |
| | Redningsvester for barn<br>CHILD'S LIFE JACKETS | 65 |
| | Redningsvester for baby<br>BABY'S LIFE JACKETS | 6 |
| | Redningsvester<br>LIFE JACKETS | 634 |
| | Redningsdrakt<br>IMMERSION SUITS | 4 |
| | Bærbar VHF radio<br>PORTABLE VHF RADIO | 4 |
| | Fallskjermlys<br>ROCKET PARACHUTE FLARES | 3 |
| | Sykebåre<br>STRETCHER | 1 |
| | Medisin utstyr<br>MEDICAL EQUIPMENT | 1 |
| | Nødutgang<br>EMERGENCY EXIT | |
| | Nødlys<br>EMERGENCY LIGHT | 36 |
| | Sikkerhetsplan<br>SAFETY PLAN | 3 |
| | Fluktretning<br>PRIMARY MEANS OF ESCAPE | |
| | Alternativ fluktretning<br>SECONDARY MEANS OF ESCAPE | |




| Rev. | By | Date | Appr. | Date | Description | Change ref. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| B | FF | 05.05.12 | | | Oppdatert med nytt fartøynavn | - |
| A | FF | 13.03.08 | | | Oppdatert, flyttet til [illegible] | - |

MF FJORD-KONGEN

Safety & Evacuation Plan
Sikkerhets og Evakueringsplan

PARADIS
MARINE CONSULTANTS
P.O. Box 171, N-5805 Bergen - Norway

Scale: 1:150 | Drawing no.: 11148 | Revision: B

# RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN
# FOR VOLDA KOMMUNE

# 2012 - 2016

## Kapittel 1 – LØYVEPOLITIKKEN

Vedteken i kommunestyret 24. mai 2012 PS 6/12

# KAPITTEL 1. MÅLET MED LØYVEPOLITIKKEN

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Kommunestyret ser nytteverdien av at kommunane på Søre Sunnmøre har ein løyvepolitikk som er mest mogeleg samordna. Det er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals- og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider, tilgjenge og tilgjenge til alkoholsterk drikke. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

## 1.1. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Volda kommune er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er 4 år. Alle løyve som vert gjevne i medhald av denne planen skal såleis i utgangspunktet gjelde fram til og med 30. juni 2016. Salsløyvet til Vinmonopolet skal etter § 1-6 gjelde i 4 år.

Ut over reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova, med forskrifter.

### 1.1.1.Delegering

Driftsstyret er løyvemynde i Volda_ kommune, når det gjeld alminnelege sals- og skjenkeløyve. Mynde for tildeling av ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og utviding av eksisterande løyve i einskilde høve vert delegert til rådmannen. Likeins vert mynde til å godkjenne skifte av løyvehavar, styrar for eit løyve og denne sin vara delegert til rådmannen.

Av delegasjonsreglementet går det fram at rådmannen har slikt mynde:

- avgjere einskildbevillingar delegert frå kommunestyret og som ikkje kan delegerast til anna organ.
- gjere vedtak om inndraging av skjenkeløyve for tidsrom som går ut over 8 veker.

Det er elles berre driftsstyret som kan ta avgjerd i saker om:

- Tidsavgrensing i sal og skjenking for alminnelege kommunale løyve
- Permanent flytting til nye lokale
- Endring av driftsform/konsept
- Permanent utviding av skjenkestad
- Omgjering av løyve med fastsetjing av nye vilkår.

Rådmannen har i samsvar med delegasjonsreglementet slikt mynde:

- avgjere søknader om skjenkeløyve ved einskildhøve
- avgjere søknad om utvida skjenketid for slutta lag
- avgjere søknad om utvida skjenkeareal og skjenketid for einskilde arrangement

- godkjenne ny sals- og skjenkestyrar, og vara for denne
- tildele ambulerande skjenkeløyve for slutta lag
- fastsetje gebyr for kommunale sals- og skjenkeløyve
- handheve retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova for periodar på inn til 8 veker

Sakshandsamarane i kommunane har kvartalsvis samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

### 1.1.2.Sakshandsamingsreglar

- Før alminneleg sals- og skjenkeløyve vert gjeve til ein serveringsstad, skal det ligge føre løyve etter lov om serveringsverksemd (serveringslova).

- **Uttale frå skatte- og avgiftsmynde**

Det skal innhentast uttale frå skatte- og avgiftsmynde i samband med handsaming av søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve.

- **Uttale frå politiet**

Alle søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve og opne einskildarrangement skal sendast til politiet for uttale. Unnataket er slutta lag, der politiet får melding om vedtak. Politiet skal ikkje vurdere alkoholpolitiske, men politimessige sider av søknaden. Tilhøve som bør vurderast særleg er trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden, og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering, verksemda eller dei ansvarlege for verksemda som tilseier at ein ikkje kan tilrå søknad.

Politiet skal også gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra. Løyvehavar og ansvarlege verksemda og for løyvet må ha utvist uklanderleg vandel i høve reglane i alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med føremålet i alkohollova.

- **Uttale frå sosialtenesta**

Ved handsaming av alle søknader, med unnatak for dei som gjeld slutta lag, skal det innhentast uttale frå kommunen sin sosialteneste som har eit særlig ansvar for å vurdere søknaden ut frå et sosialpolitisk og helsemessig perspektiv.

- **Særskilt om løyve for einskildhøve**

Dersom slike arrangement skal vere utandørs, i telt eller liknande bør det stillast vilkår om at arrangøren hentar inn godkjenning frå grunneigar. Søknaden skal då innehalde teikning og kart over skjenkearealet. I samband med sakshandsaminga skal ein vurdere om det er behov for å stille krav om godkjenning frå mattilsynet, brannvernet og byggesaksavdelinga. Ein bør også vurdere om det er behov for å stille krav om aldersgrense.

Søknader om skjenkeløyve som manglar vesentleg dokumentasjon eller opplysningar, skal sendast i retur for ferdigstilling.

### 1.1.3.Typar løyve

| | |
|---|---|
| υ Over 2,5 og høgast 4,7% | (gruppe 1) |
| υ Over 4,7 og mindre enn 22% | (gruppe 2) |
| υ Mellom 22 og 60% | (gruppe 3) |
| υ Alkoholfri drikk; | Inneheld under 0,7% |
| υ Alkoholsvak drikk; | mellom 0,7 og 2,5% |

## 1.2. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Volda  kommune ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve.
Driftsstyret tildeler skjenkeløyve i samsvar med denne planen og etter ei samla vurdering, der ein legg vekt på:
- Kor mange skjenkeløyve ein ynskjer å ha i eit geografisk avgrensa område i kommunen.
- Kva slags profil og målgruppe kommunestyret ønskjer skjenkestandane skal ha. Ein skal her vurdere søknaden ut frå både ein alkoholpolitisk og ein næringspolitisk ståstad. Nokre skjenkestadar vil berre få løyve for øl og vin. Det vert føresett at nasjonale mål vert lagt til grunn for vurderingane.
- Eit alminneleg skjenkeløyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Sjå retningsliner for handsaming i vedlegg 1- 1. Det skal førast ei restriktiv line med når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.

Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda.

### 1.2.1. Vilkår for å få skjenkeløyve
I tillegg til dei vilkår for tildeling av skjenkeløyve som følgjer av lovverket, må den ansvarlege for skjenkestaden ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs. Der det er sett vilkår om ordensvakter skal desse vere godkjende.

Det er eit krav at skjenkestaden skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden.
For nye drivarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

## 1.3.  Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve

Etter alkohollova kan kommunen gje ambulerande skjenkeløyve, som ikkje er knytt til ein bestemt person, eller skjenkestad.

a) Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i *slutta lag*. Med slutta meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein lukka/ privat krets av personar som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.
b) Det kan gjevast løyve for eit *einskildhøve*. Einskildhøve er opne arrangement i tilknyting til eitt bestemt høve som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn 1- 6 dagar. Typiske døme kan vere festivalar , konsertar og messer.  Eit slikt løyve kan omfatte alkohol inn til 22 vol %.

   For begge gjeld reglane om skjenketider i kapittel 1.5.

## 1.4. Tildeling av salsløyve

Det er høve til å gje salsløyve for alkohol i varegruppe 1 til ordinære daglegvarebutikkar. Det skal førast ei restriktiv line med tanke på tildeling av salsløyve til andre typar konsept, sjå retningsliner for sakshandsaming i vedlegg 1-1.

Salsløyvet skal vere knytt til eit bestemt lokale, med eit avgrensa areal. Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda. Løyvemynde kan setje vilkår for løyvet i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Vilkåret skal ha sakleg samanheng med det løyvet som vert gjeve. Omsyn til plassering av salsstadane skal takast ut frå lovverket.

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa. Dei alkoholhaldige varene skal vere fysisk tildekte utanom salstida.

### 1.4.1. Vilkår for å få salsløyve

For å få salsløyve, vert det sett krav om at den som er ansvarleg for salsstaden har gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap/ansvarleg sal" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs.

Det er eit krav at salsstaden skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

## 1.5. Sals- og skjenketider

### 1.5.1. Salstider for varegruppe 1

I Volda kommune er *salstidene* for øl i butikk sett til mellom kl 09.00 og kl 20.00 på kvardagar. På laurdag og dagar før heilagdagar skal salstida vere mellom kl 09.00 og kl 18.00.

### 1.5.2. Skjenketider

*Skjenketid* er eitt av dei verktya kommunen kan nytte som edruskapspolitisk verkemiddel. Volda kommunestyre vil praktisere ein relativt stram politikk med omsyn til skjenketider for å avgrense tilgjenge til alkohol og alkoholtypar på sein kveld og natt.

Av omsyn til dei som bur og oppheld seg i sentrumsmiljøa, er det føremålstenleg å ha ei avgrensing av den tida det vert skjenka alkohol. Dette er særskilt viktig med omsyn til uteservering. Kommunestyret meiner at det ikkje er det offentlege si oppgåve å legge til rette for støy utandørs på nattetid. Etter midnatt bør det vere krav om alminneleg ro i det offentlege rom.

- Normal skjenketid for *varegruppe 3* skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Normal skjenketid for *varegruppe 1 og 2* skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er høve til å gje generell utviding av skjenketida til kl 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf. kulepunkt 1 og 2.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for alkohol som er sterkare enn 22 vol. % på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

## 1.6 Kontroll med sals- og skjenkestader

Kommunen har ansvar for å føre kontroll med løyvehavarar si forvaltning av kommunale sals- og skjenkeløyve. 6 av kommunane på Søre Sunnmøre har felles avtale med eit eksternt kontrollfirma, som gjennomfører skjenkekontrollen. Kontrollplikta omfattar alle løyve som kommunen har gjeve, med unnatak for A/S Vinmonopolet sine utsal, eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal føre strengt tilsyn med skjenking/sal til personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense. Det same gjeld skjenking/sal til openbart rusa personar.

### 1.6.1 Gjennomføringa av sals og skjenkekontrollane

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7. Kontrollørane skal opphalde seg i lokalet i meir enn 20 minutt per kontroll og skal utførast til varierande tider, stadar og dagar.

<u>Skjenkekontroll:</u>
For skjenkestadane skal minst 2/3 av kontrollane skje på fredagar og laurdagar frå kl 23.00 og fram til stengetid. Halvparten av desse kontrollane skal gjennomførast på fredag og laurdag ved skjenkestaden si stengetid. Det skal maksimum gjennomførast 2 kontrollar per kveld, per kommune.

<u>Salskontroll:</u>
Det er spesielt viktig å kontrollere salstidene. Kontrollane bør i all hovudsak utførast ved slutten på salstida og då primært på torsdag, fredag og laurdag.

Det skal sendast rapport til kontaktpersonen i kvar kommune etter kvar kontroll innanfor den frist som går fram av forskrifta. I samband med skjenkekontroll skal kommunen sitt kontrollansvar i hht tobakkskadelova § 6 følgjast opp.

Kontrollane må organiserast slik at skjenkestadane får besøk av ulike kontrollørar gjennom avtaleperioden.

Skjenkekontroll bør lysast ut på anbod kvart 4. år.

Kommunestyret ønskjer også eit samarbeid med lensmennene i området, slik at kveldspatruljane og særleg nattpatruljane i helgane rutinemessig tek stikkontrollar på dei skjenkestadane som samlar mykje folk på sein kveldstid og i helgane. Kommunestyret ønskjer at det vert prioritert å få til eit slikt samarbeid med politiet, då ein ser stor nytteeffekt av eit slikt tiltak. I tillegg til å halde oppsikt med løyvehavar si forvaltning av løyvet og alkohollova, vil ei slik ordning ha positiv innverknad i høve ro og orden i sentrumsområda i helgane. Kommunestyret ønskjer at politiet nyttar sitt mynde til å gripe inn mot ulovlege tilhøve, eller at slike tilhøve vert rapportert til kommunen.

Når det gjeld sanksjonering av brot på lovverk eller vilkår, sjå vedlegg 1-2.

## 1.7. Reaksjonar på brot på alkohollova

Kommunen kan inndrage eit sals- eller skjenkeløyve for ein periode ved brot på alkohollova, vilkåra for løyvet eller brot på andre reglar som er gjevne i medhald av andre lover som har samanheng med føremålet i alkohollova. Jamfør alkohollova § 1-8.

Løyvet vil verte inndrege dersom det ikkje er nytta i løpet av dei siste 12 månadane. Kommunen kan også melde lovbrot.

Politiet har høve til å stengje ein sals- eller skjenkestad for inntil 2 dagar når dette er naudsynt for å hindre forstyrring av offentleg ro og orden, sikre tryggleiken for einskildpersonar eller ålmenta, eller for å hindre eller stanse lovbrot.

Volda kommunestyre ser på høvet til å sanksjonere regelbrot ved til dømes inndraging av løyve for kortare eller lengre periodar som ein del av kommunen sin alkohol- og edruskapspolitikk.

Saman med den generelle kontrollen og politiet sin kontroll/patruljering vil dette vere eit viktig verkemiddel for å motverke uheldige utslag av alkoholbruken og uheldig forvalting av sals- og skjenkeløyve. Inndraging av løyve er eit sterkt verkemiddel, som set krav til at kommunen si vurdering tek omsyn til forvaltningslova sine krav om forsvarleg sakshandsaming.

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føreseiande reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova sine reglar ikkje vert overhaldne. Påviste brot på reglane kan få fylgjer for løyvehavarane i form av inndraging av løyve (kommunen) og/eller straff (politiet).
Ved brot på alkohollova ligg det innanfor kommunen sitt frie forvaltningsskjøn å avgjere reaksjonsforma og lengda på inndraging. Reaksjonane skal settast etter vedlagde prikk-belastningssystem (vedlegg 1-2), og skal handhevast likt i kommunane. Handheving er delegert til rådmannen for rask iverksetting av reaksjon for brot. Rådmannen har delegert mynde til inndraging i inn til 8 veker. Reaksjonar ut over dette skal avgjerast av driftsstyret. Reaksjonen må stå i samsvar til brotet sin art og omfang.

*Sjå vedlegg 1-2 – ”Retningsliner for reaksjonar på brot i høve alkohollova og vilkår for løyve i Volda kommune”.*

## 1.8. Sals- og skjenkegebyr

I samsvar med alkohollova og forskrift til lova skal løyvehavar for alminneleg løyve kvart år betale sals- og skjenkegebyr i høve stipulert omsetjing av alkoholhaldig drikk. Ved årsskifte skal løyvehavar sende inn oppgåve over faktisk mengde omsett alkohol. Ved eventuell avvik mellom forventa og faktisk omsetjing, vil det verte gjennomført etteroppgjer. Utrekning og satsar følgjer av forskrifta. Gebyra skal sikre kommunen ei viss dekning av kostnadane med handsaming av søknader og kommunen sine kontrolloppgåver.

Manglande innrapportering skal føre til inndraging av løyve (Jfr. Retningsliner for brot). Innrapportert sal gir grunnlag for gebyr. Før krav vert sendt ut, skal innbetalt forskot for same år trekkjast frå.

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *slutta lag* gjeld gebyrsatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr. 2012 kr 280,-

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *einskildhøve* gjeld gebyrsatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr 2012 kr  4 000,-
I samband med einskilde arrangement, der alkohol ikkje er ein sentral del av arrangementet, eller der hovudsiktemålet ikkje er å tene pengar på sal av alkohol, kan gebyret setjast til kr 500.- pr. gong.

## Vedlegg 1-1. Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve

Ved handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve skal løyvemynde leggje vekt på følgjande :

Det som går direkte fram av alkohollova § 1-7a:

- Talet på sals- og skjenkeløyve i kommunen
- Sals- og skjenkestaden sin karakter, storleik, driftskonsept m.m.
- Lokalisering
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige tilhøve
- Næringspolitiske omsyn
- Andre relevante omsyn

Nedanfor følgjer ei utgreiing av ulike typar verksemder som vert å nytte som kriteria ved tildeling av skjenkeløyve. Det kan vere grunnlag for inndraging/endring av løyve dersom driftskonseptet vert endra i løpet av løyveperioden, slik at kriteria for tildelinga ikkje lenger er oppfylt.

Når det gjeld vurderingar knytt til løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol.%, skal det som hovudregel leggjast vekt på skjenkestaden sitt konsept. Konsept som satsar på matservering og tilbod til middagsgjestar kan få alle rettar. Konsept som har meir preg av pub/bar/kro, konsertscene eller dansestad kan berre få løyve for alkohol inn til 60 vol % etter ei særskilt vurdering.

Følgjande verksemder / driftskonsept kan få skjenkeløyve slik:

*1) Hotell*
Til hotelldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb, selskapslokale og minibar på rom. Alle desse lokala vil vere ein naturleg del av vanleg hotelldrift, og vil verte omfatta av eit løyve. Søknaden skal handsamast ut frå det oppgjevne driftskonseptet. I tillegg kan søknaden vurderast særskilt med omsyn til turisme, reiseliv og andre næringspolitiske omsyn.

Hotell kan få løyve for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

Konseptet *sommarhotell* er å tolke som større overnattingsstadar/internat, som har fått godkjenning som sommarhotell etter plan- og bygningslova for å drive hotellverksemd i sommarhalvåret. Dette konseptet kan få løyve ein del av året for alkoholhaldig drikk inn til 60 vol %.

*2) Anna serveringsstad/overnattingsstad – Gjestegard, gardsturisme, "kulturisme" i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/ eller overnatting.*
Gjestegardar, serveringsstadar og/eller overnattingsstadar som driv som gardsturisme eller reiselivsverksemd i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og kulturbasert oppleving som del av driftskonseptet, kan få skjenkerett for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

*3) Restaurantar og enklare serveringsstadar.*
Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudføremålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.

*4) Pub/bar*

Dette konseptet vert kjenneteikna som ein uformell serveringsstad, med hovudvekt på omsetjing av øl og vin på kveldstid og i helgane. Det vert ofte servert enklare mat og snacks. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

Berre etter nærare, særskilt vurdering; inn til 60 vol. %. Ein føresetnad for slikt løyve vil vere eige, avgrensa lokale, eigen inngang og med aldersgrense på minst 20.

*5) Diskotek, nattklubb, restaurant med dans, konsertlokale.*

Konsept med hovudfokus på musikkunderhaldning og dans på kveldstid og i helgane. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

*6) Selskapslokale*

Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere *middagsgjestar* i slutta selskap. Slike stadar kan få innskrenka skjenkeløyve med alle rettar.

*7 ) Bowlinghall*

Lokale med bowlingbane som hovudkonsept. Kommunestyret opna for skjenkeløyve for denne typen verksemd for to periodar sidan, men på særlege vilkår. Erfaringane med dette har vore gode, då vilkåra om avgrensa skjenketid har gjort at det ikkje vert skjenkt alkohol før kl. 21.00, då born og unge gjer mest bruk av hallen.

Ein føreset ei restriktiv line med omsyn til skjenketida for det alminnelege løyvet. Bowlinghall kan få alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. %, etter kl 21.00. Dette av omsyn til barn og unge.

*8) Ambulerande skjenkeløyve / einskilde høve.*

*Kan* omfatte alkohol inn til 60 vol. % i slutta lag og einskildhøve. Eit kriterium for tildeling av løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol. % skal vere om arrangementet primært er retta mot middagsgjestar.

*9) Utandørs serveringsareal for serveringsstader med løyve*

Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. % på godkjent uteområde i tilknyting til skjenkestadar med eksisterande alminneleg løyve. Bruken av utearealet skal vere godkjent i høve regulering og plan- og bygningslova, før det kan gjevast løyve. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa.

*10 ) Særlege tilfelle*

I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan *kommunestyret sjølv* gjere unnatak frå typar av driftskonsept omhandla i punkta 1– 10 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken. Difor skal spørsmål om løyve til nye konsept avgjerast av kommunestyret.

**Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve:**

- Alminneleg skjenkeløyve skal ikkje verte gitt til *kulturhus og grendehus*. Her kan det ved søknad gjevast løyve for slutta lag eller einskildhøve. Det vert ikkje gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.

- Det vert ikkje gjeve *alminneleg* skjenkeløyve til serveringsstader i skulebygg, eller bygg der hovudfokus er undervisning, eller andre alkoholfrie aktivitetar retta mot barn og ungdom. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.

- Det skal ikkje gjevast *ambulerande* skjenkeløyve til lokale i reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det i særlege høve gjerast unnatak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.

- Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve som ei fast ordning for serveringsstader i direkte tilknyting til idrettsanlegg, idrettshallar, og anlegg med tilbod om mosjons- og idrettsaktivitetar.

- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til arrangement som i hovudsak er retta mot born og ungdom.

- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for serveringsstader i direkte tilknyting til kjøpe-/butikksenter i desse si opningstid. Unnatak kan gjerast for serveringslokale i slike anlegg når det er fysisk skilt og har eigen inngang og utanfor anlegget si generelle opningstid.

- Det vert ikkje gjeve sals – eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstader i tilknyting til slike. Jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4. Campinghytter, campingplassar og motell vert ikkje å vurdere som serveringsstader eller overnattingstadar, som skal få skjenkeløyve. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til frisørsalongar, hudpleiesalongar og liknande typar konsept . Det skal førast ei restriktiv line i høve tildeling av løyve til nye typar konsept.

- Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje skjenkeløyve.

- Kommunal representasjon skal alltid vere alkoholfri.

## Vedlegg 1-2. Retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve

Interkommunale retningsliner for reaksjonar i høve brot på alkohollova for løyvehavarar:

**1. Brot på alkohollova eller forskrift vert delt inn i 4 grupper:**

**1.1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk**

- Manglar alkoholfrie alternativ
- Manglar ved skjenkekart
- Brot på reglane om reklameforbod
- Brot på dei generelle reglane om opplæring av tilsette, der det er sett som vilkår for løyve.
- Manglande internkontroll og oppfølging av denne.

**1.2. Alvorlege brot, 3 prikkar**

- Alkohol vert teke med utanfor godkjent skjenkeareal, eller det vert nytt medbrakt
- Det vert nytt alkohol i utsalslokale.
- Det vert gjeve alkoholservering ved bord der det oppheld seg openbart rusa person.
- Manglande innmelding frå løyvehavar om endringar med omsyn til ansvarlege for løyvet eller skifte av eigarskap.
- Skjenking/sal utover tillaten skjenketid / utsalstid
- Openbart rusa vert gjeve tilgang til skjenkestaden / vert ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på tilhøvet.

**1.3. Grove brot, 8 prikkar**

- Det vert skjenkt /selt til openbart rusa person
- Det vert skjenkt /selt til eller av personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense
- Dersom det vert påvist gjenteken bruk og omsetnad av narkotika på skjenke- eller utsalsstaden.

**1.5. Reaksjon**

- 5 prikkar fører til inndraging av løyvet i 1 veke
- 8 prikkar fører til inndraging av løyve i 2 veker
- 10 prikkar fører til inndraging av løyve i 4 veker.
- 12 eller fleir prikkar fører til inndraging av løyve i 8 veker

**2.** Vesentlege brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga fører til inndraging av løyve i ei periode på minimum 3 månadar allereie ved fyrste gongs brot.

**3.** Manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret delegerer til, kan inndra løye inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.
Omsettingsoppgåve skal vere levert til kommunen innan 1. mars kvart år.

**4.** Ved oppsummering av prikkbelastningar, er det summen av prikkar/brot i den einskilde rapport som vert lagt til grunn. Ei inndragingsveke er å rekne frå og med måndag kl 00.00 til og med søndag kl 24.00. Etter inndragingsperiode og ved nytt løyve er prikkbelastninga sett til 0.

**5**. Rådmannen har fullmakt til å tildele prikkar etter gjeldande regelverk.

**6**. Iverksetjing av inndraging skal skje utan ugrunna opphald, etter at løyvehavar har fått høve til å uttale seg og saka er ferdig handsama.

**7**. Kommunen praktiserer ikkje oppsetjande verknad ved klage på vedtak.

Til orientering.

Utdrag frå formannskapets protokoll 9.2.2016.

## OS 16/16 Notat - Politisk organisering - driftsstyret

Rådmannen orienterte om saka. Formannskapet drøfta saka, og var samde om at saka bør sendast til driftsstyret for vidare arbeid og tilråding. Driftsstyret bør vurdere fordelar og ulempar med deling til styrer for omsorg og oppvekst spesielt i forhold til oppsøkande verksemd og arbeid med enkeltsaker, temaplanar, utarbeiding av handlingsprogram og budsjett.

Mvh

V o l

***Sonja Håvik***
*konsulent*
*Servicekontoret*
*Tlf 70 05 88 82*
*sonja.havik@volda.kommune.no*
*www.volda.kommune.no*

**VOLDA KOMMUNE**
**Rådmann**

# NOTAT

**Frå:** Rådmannen

**Sak:** Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd / Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2012/536* | *1359/2016* | *031* | *ADM/ASBMOL* | *04.02.2016* |

## NOTAT - POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRET

**Bakgrunn for at saka no kjem opp:**
I samband med folkevaltopplæringa i fjor haust drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskjer ein nærare gjennomgang av dette området for å sjå om det er trong om ei endring.

Rådmannen legg difor med dette fram eit notat for formannskapet som grunnlag for ei nærare drøfting. I fall formannskapet ynskjer å gå vidare med saka, kan notatet leggast fram for driftsutvalet for vidare drøfting og attendemelding.

På bakgrunn av desse drøftingane kan så administrasjonen legge fram ei formell sak for politisk handsaming. Sak om revisjon av delegeringsfullmakter vil bli lagt fram som eiga sak ut frå resultatet av den politiske handsaminga.

**Grunnlag:**
Gjeldande politisk organisering vart vedteken av kommunestyret den 24.09.14, sak PS 126/14:

*1. Kommunestyret vedtek følgjande formål og oppgåvedeling for dei politiske utvala:*

| ***Utval*** | ***Formål*** | ***Hovudoppgåver/saksområde*** |
|---|---|---|
| *Formannskapet* | *Strategisk utvikling* | *Samfunnsplanar*<br>*Arealplanar*<br>*Økonomisk planlegging og økonomisk styring*<br>*Beredsskap og ROS-analyse*<br>*Næring*<br>*Kjøp og sal av eigedomar*<br>*Byggje- og anleggsprosjekt*<br>*Infrastruktur og samferdsel*<br>*Arbeidsgjevarstrategi* |
| ***Driftsstyret*** | ***Tenesteyting og tenesteutvikling*** | ***Sektorplanar/temaplanar***<br>***Analyse av tenestene***<br>***Driftsrapportar***<br>***Prinsipielle saker om tenesteyting***<br>***Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar*** |
| *Forvaltningsstyret* | *Myndigheitsforvaltning* | *Enkeltsaker innanfor landbruk, areal-disponering, dispensasjonar, byggjeløyve, matrikkel, brann, motorferdsel, bevillingar, lokalt vegmynde, forureining, vatn og avløp, hamn og farvatn*<br>*Klagehandsaming i saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova.* |

2. *Alle tre utvala har likeverdig innstillingsrett, bortsett frå at driftsstyret og forvaltningsstyret ikkje har slik innstillingsrett i budsjett- og økonomisaker.*
3. *Byggjenemnda vert etter kommunelovgjevinga endra til eit reint politisk organ. Byggjenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Desse vert valt av kommunestyret og nemnda sorterer direkte under formannskapet. Byggjenemnda styrer prosessane med planlegging og gjennomføring av byggjeprosjekt og koplar inn brukarar, fagpersonar mv.*
4. *Delegeringsfullmakter tilpassa strukturendringane skal leggjast fram for kommunestyret for godskjenning.*
5. *Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang via underinstans til fylkesmannen som klageinstans ved klagesaker utløyst etter særlov.*
   *Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang gjennom underinstans til fylkesmannen for saker som vert handsama etter særlov.*
   *Dette gjeld ikkje for saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova der klagene skal handsamast i forvaltningsstyret før klagene går vidare til fylkesmannen.*
6. *Klagenemnda i klientsaker ved lagt ned.*

Medlemane i driftsutvalet gav i førre periode uttrykk for at dei hadde ynskje om å gå nærmare inn på ulike tema og drøfte problemstillingar innanfor tenesteområda.

Oversikta over politiske saker i dei ulike utvala dei siste åra viser at det har vore ein samla auke politiske saker frå 2011 til 2015 på 133 saker. Kommunestyret, formannskapet og forvaltningsstyret har alle hatt vekst i saker, medan driftsstyret har hatt ein reduksjon i tal saker. (Endring av saker i perioden 2011 – 2015: kommunestyret + 106, formannskapet + 37, driftsstyret – 31 og forvaltningsstyret + 21)

I dette notatet er det difor spesielt driftsstyret sitt saksområde, omfang og oppgåver som vert teke opp til drøfting.

Ein kommune må finne ein balanse mellom effektiv struktur som sikrar eintydig styring retta mot effektiv forvaltning og strategisk utvikling og demokratisk deltaking.

**Hovudoppgåver/saksområde**
I ovannemnde vedtak (PS 126/14) forsøkte ein å "**rydde" i formålet og Hovedoppgåver/ saksområdet for formannskapet, driftsstyret og forvaltningsstyret.** Dette medfører større fokus på **tenesteyting, tenesteutvikling og strategiutvikling** for driftsutvalet.

*Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar,*
er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram ei melding evt. sak til kommunestyret. Dette er såleis heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det kan ein t.d. skissere ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:




Kanskje kan ei slik deling også vere fornuftig ut frå at driftsstyret i dag har få saker og i all hovudsak vedtakssaker. Truleg er det også mindre behov for å gjere vedtak i enkeltsaker ettersom mykje av det daglege er faglege vert handtert av administrasjonen

I førre periode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I tillegg må ein sikre demokratisk deltaking ved å ty til nye arbeidsmåtar for å involvere innbyggjarane, invitere til deltaking og partnerskap. Vedtaksorgan som møter og gjer vedtak i ferdigutgreidde saker frå administrasjonen vil i framtida verte supplert og dels også erstatta med

andre metodar for førebuing av avgjerdsgrunnlag. M.a vil dette vere viktig i samband med planarbeid og strategiutvikling innanfor dei ulike områda.

Det kan i dag opplevast som at det er gråsone mellom driftsstyret og formannskapet då det går ein del saker som har med drifta å gjere til formannskapet. Dette kan ha samanheng med at saker som gjeld økonomi går til formannskapet. Dersom desse sakene også skal gå til driftsstyret, så får ein ei dobbelt handsaming.

Skal ein få oppfylt prinsippa nemnt ovanfor med politisk oversikt og faginnsikt og i tillegg fokus på økonomistyring innanfor fagområdet vil eg tru at tenesteutvala må kunne sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien, og då sjølvsagt innanfor dei premissane kommunestyret har lagt i budsjettsamanheng. Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultata. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølve mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Den daglege drifta i sektorane er i hovudsak fagleg utøving som vert gjort av administrasjonen. Det kan vere feil fokus å sjå for seg at tenesteutvala skal få seg framlagt mange enkeltsaker for å kunne gjere vedtak. For å utøve politisk leiarskap bør ein i større grad fokusere på kunnskap om problemstillingane og prosessar for å lyfte desse fram og sjå på tiltak som innspel til budsjett- og økonomiplanprosessane og ev kommunedelplanar.

Tenesteutvala bør sjå samanhengane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjettdisponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem så går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvise økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Notatet vert i denne omgang lagt fram for formannskapet til drøfting.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Svein Berg-Rusten | Arkivsak nr.: | 2015/1680 |
| | | Arkivkode: | F00 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 15/16 | Driftsstyret | 09.03.2016 |

**Orienteringssak:**

**ARENA FOR LÆRING OG VELFERDSTEKNOLOGI - MØRE OG ROMSDAL (ALV - MØRE OG ROMSDAL)**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. Driftstyret tek orienteringa om partnarskap med ALV-Møre og Romsdal på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, til vitande.

**Vedleggsliste:**
Partnerskapsavtale

**Uprenta saksvedlegg:**
Ærutskrift: HTV for NSF, legeforeninga og Fagforbundet

**Saksopplysningar:**
Aktuelt:

Arena for læring om velferdsteknologi (ALV-Møre og Romsdal), vart etablert som eit partnarskap mellom Høgskulen i Ålesund og Ålesund kommune i 2013. Frå og med 1. januar 2016 vart ALV-Møre og Romsdal utvida gjennom partnarskapsavtalar med kommunane på Sunnmøre. Målet er å ta dette vidare til kommunane i Romsdal og på Nordmøre i løpet av 2016. Det er bygd opp eit kompetansemiljø i Ålesund, og spørsmålet er om kommunane ynskjer å nyttiggjere seg dette i sitt eige arbeid med innføring og bruk av velferdsteknologi.

Nasjonalt: Helse og omsorgsdepartementet har satt som mål at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenesta innan 2020. “Samveis – nasjonalt program for velferdsteknologi” er oppretta som eit bidrag for å nå dette målet. Hovudoppgåva er å utvikle og prøve ut velferdsteknologiske løysingar i kommunane, skape og spreie kunnskap om

velferdsteknologi, bidra til gode modellar for innføring og bruk, og etablere standarder og IT-arkitektur for velferdsteknologi.

Samveis omfattar 11 prosjekt i 31 kommunar, som i hovudsak testar ut tryggleiksskapande teknologi, varslings- og lokaliseringsteknologi og velferdsteknologi i sjukeheimar. Ingen kommunar i Møre og Romsdal er med i Samveis.

Regionalt:

I Møre og Romsdal har Ålesund kommune og Høgskulen i Ålesund hatt eit partnarskap sidan 2013. Partnarskapet vart kalla ALV Møre, og starta opp som eit samarbeidsprosjekt delfinansiert gjennom midlar frå fylkesmannen. ALV-Møre var eit resultat av behov ein erfarte gjennom lokale prosjekt om velferdsteknologi, starta under Det midtnorske velferdsteknologiprosjektet i 2011. Her var Sunnmøre representert med 2 prosjekt køyrt i samarbeid mellom kommunane Herøy, Ulstein, Vanylven, Ørskog og Ålesund. Prosjekta synleggjorde behov for å bygge tverrfagleg kompetanse i arbeidet med velferdsteknologi.

ALV- Møre tok utgangspunkt i ein plan om å bygge ei felles demonstrasjonsleilegheit gjennom tverrfagleg samhandling, men utvikla seg vidare til ein tverrfagleg arena for læring om velferdsteknologi. Sidan oppstarten har ALV-Møre etablert demonstrasjonsleilegheit, drifta og/eller samarbeidd med prosjekt innan GPS-sporing, spelteknologi i velferdstenestene, bruk av Skype i sjukeheim, systematisk innføring av velferdsteknologi i tenestene til menneske med utviklingshemming og bruk av videokommunikasjon i kvardagsrehabilitering. ALV-Møre har også vore delaktige i produksjon av ulike publikasjonar, erfaringsnotat, kronikkar og rapportar, bidrege som fagpersonar inn i Læringsnettverk for velferdsteknologi, vore involvert i prosessar knytt til tryggleikspakkar (utvida tryggleiksalarm) og pasientvarslingsanlegg og arrangert større og mindre seminar og konferansar.

Dei opphavlege partane er samde om at det er formålstenleg å utvikle partnarskapet vidare ved at kommunane i fylket vert inviterte inn. Som eit ledd i dette vedtok styringsgruppa å endre namnet frå ALV-Møre til ALV-Møre og Romsdal.

ALV-Møre og Romsdal nyttar no høvet, ved overgang til ordinær drift, til å tilby kommunane knytt til Sunnmøre regionråd partnarskap, gjeldande frå 2016. Under føresetnad av at interessa frå kommunane er stor nok til å sikre vidare drift, vil neste steg bli utsending av tilbod om partnarskap til kommunane i Romsdal og Nordmøre i løpet av 2016.

Fylkesmannen tok i vår initiativ til eit møte der ulike partar drøfta om det var mogleg å samordne arbeidet i fylket. Dei som var invitert til dette møtet var representantar frå Fylkesmann, KS, SR, ROR, Orkidé, Utviklingssenter for heimetenester og sjukeheim i Møre og Romsdal, KomUT og ALV. PÅ møtet var det semje om at heile Møre og Romsdal må jobbe saman om velferdsteknologi, og det vart bestemt å sette ned eit samarbeidsforum som representerer aktørane for velferdsteknologi i fylket. Samarbeidsforumet har som hovudoppgåve å kartlegge arbeid med velferdsteknologi i fylket, og bidra til å koordinere dette der det er mogleg. Forumet har uttalt at det er viktig å nytte alle etablerte arenaer i det vidare arbeidet i fylket, og at det difor er ønskjeleg at ALV Møre og Romsdal blir ein kompetanse- og læringsarena for heile fylket.

Frå leverandørmarkedet peikar tilbakemeldingar på fordelane ved å ha ein fast plass å vende seg for å nå mange, og stadig fleire firma tek kontakt med ønskje om å presentere sine produkt. ALV-Møre og Romsdal skal vere «leverandørnøytralt», men har mål om å ha kjennskap til produkta sine fordelar og ulemper og gi klare tilbakemeldingar på kva ein ser som forbetringspotensiale. Dersom kommunane vil ha produkt som treff behova hjå brukar, pårørande og tenestane så må behov tydeleggjerast, og det må stillast krav til leverandørane. ALV-Møre og Romsdal har og fått konkrete spørsmål rundt idear om nye produkt og blitt bedt om å gi råd i vidareutvikling av eksisterande produkt.

Høgskulen i Ålesund går no inn under NTNU. ALV-Møre og Romsdal har fått tilbakemeldingar på verdien av det unike samarbeidet mellom praksis og akademia, og korleis dette bidrar til å sikre kvalitet og kompetanse- spreiing. Sjølv om andre aktørar i NTNU jobbar aktivt med velferdsteknologi, så har dei etter det ALV får tilbakemelding på ikkje eit tilsvarande samarbeid med praksisfeltet.

Om ALV

ALV-Møre og Romsdal vil frå 2016 vere organisert med eit styre, samansett av representantar frå dei opphavlege partnarane, representantar frå dei andre partnarkommunane, brukarrepresentantar og ansattrepresentant. Styret er ansvarleg for at eiga organsiering vert endra i tråd med samansetjinga av partnarskapskommunar. ALV-Møre og Romsdal skal ha tilsett ein prosjektleiar, og vidare vurdere personalressursar etter behov og økonomi.

ALV-Møre og Romsdal skal medverke til etablering av ulike arenaer der partnarane kan dele erfaringar, tilegne seg ny kunnskap og få rettleiing relatert til tenesteinnovasjon, utprøving og implementering av velferdsteknologi. Ein kan skildre hovudområda for aktivitet gjennom denne modellen:




Dei fire hovudområda vil vere gjensidig avhengig av kvarandre, og det skal vere ein kontinuerleg straum av erfaringsdeling og kunnskapsbygging i og mellom desse.

Dei ulike læringsarenaene kan omfatte kompetanseutviklingstiltak som bl.a. nettverksgrupper, seminar/konferansar, undervisning og bruk av dei eksisterande arenaene www.alv-moreogromsdal og demonstrasjonsleilegheita.  I tillegg til dei ulike arenaer skal prosjektleiaren vere ressursperson for ALV-kommunane og bistå i forbindelse med tenesteutvikling og implementering av velferdsteknologi og ta initiativ til nye prosjekt saman med partnarane.

Som i alle organisasjonar må det gjerast prioriteringar i val av aktivitetar. I ALV-Møre og Romsdal skal desse prioriteringane ta utgangspunkt i partnarskapskommunane og Høgskulen i Ålesund sine ønskjer og behov relatert til velferdsteknologi. Det planleggjast difor ei kartlegging av eksisterande aktivitet og planar, behov og ønskjer i kommunane som kjem inn i partnarskapet. Denne kartlegginga vil danne grunnlag for prioriteringar, i samråd mellom styre og prosjektleiar. På denne måten vil ein auke sannsynlegheita for fokus på problemstillingar som er aktuelle til ei kvar tid og at alle partar får best mogleg utbytte av partnarskapet.

ALV Møre og Romsdal er kjent med at overgang til digital tryggleiksalarm og mottakssentral, samt anskaffing pasientvarslingssystem er aktuelt for fleire kommunar.

Det er ønskjeleg å ha god brukarrepresentasjon og brukarmedverknad i all aktivitet i ALV-Møre og Romsdal. Det har frå starten av vore brukarrepresentant i styringsgruppa og stort fokus på brukarmedverknad i ulike prosjekt. Dette vil bli vidareført.

Kostnad:

Det er rekna ei medlemsavgift for partnarkommunar som er fordelt etter følgjande modell:

| Folketal | Kostnad |
|---|---|
| **< 5 000** | 50 000 |
| **5 000 – 11 000** | 75 000 |
| **>11 000** | 150 000 |

Eigendel frå partnarane:

- Partnarane dekker sjølv kostnadane for medlemmane i styringsgruppa.
- Ålesund kommune bidreg med eigeninnsats relatert til rekneskap, arbeidsgjevaransvar  mv.
- Høgskulen i Ålesund svarer for husleige, straumutgifter og reinhald i ALV-leilegheita etter avtale.

ALV-Møre og Romsdal dekkjer brukarrepresentantane sine utgifter og møtegodtgjerdsler etter gjeldande offentlege satsar.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen ser at velferdsteknologi må nyttast som ein drivar for å fremje utvikling av helse- og omsorgstenestene, og styrke tenestene i møtet med komande demografiske utfordringar. Samstundes står vi overfor auka forventningar, både gjennom sentrale føringar og frå innbyggjarar, om at vi skal klare å nytte velferdsteknologi på ein god måte for brukarar, pårørande og dei tilsette i tenestene.

Velferdsteknologi gjev mange moglegheiter og fallgruver. Det er eit stort fagområde som berører både etikk, personvern, tenesteutvikling, teknologi, innovasjon, anskaffing, individuell tilpassing, opplæring og kvalitetssikring. Utviklinga skjer raskt, og det er krevjande å halde seg oppdatert på erfaringar og utvikling lokalt og nasjonalt.

På bakgrunn av dette vurderer rådmannen at det vil vere hensiktsmessig for kommunen å ta del i kompetanse og ressursar i fellesskap med dei andre kommunane.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Den årlege kostnaden for partnarskapet for Volda kommune er på kr. 75 000. Dette vart innarbeidd i budsjettet som eit nytt tiltak. I tillegg kjem lønns- og reisekostnadar for eventuelle medlemmar i styret.

Når det gjeld juridiske konsekvensar er dette eit partnarskap der vilkåra for deltaking framgår av avtalen, og der risikoen kun er knytt til medlemsavgifta. Kommunen sine plikter framgår av avtalen.

Medlemsskap har vore drøfta i Sjustjerne nettverket for helse- og omsorg. Dei fleste kommunane var positive til partnarskap ut frå behovet for felles satsing på området, men ein stilte spørsmål ved prisen. Det er uklart kva medlemsavgifta skal dekkje, og korleis ein har kome fram til beløpet.

Rådmannen ser at ein gjennom partnarskap får tilgang på kompetanse og ressursar som vil styrke og effektivisere kommunen sitt vidare arbeid med velferdsteknologi. Rådmannen tilrådde derfor Volda kommune som partner på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, med atterhald om rom for justeringar når ein ser kor mange kommunar som vert med i partnarskapet. Målet må vere at alle kommunane vert med på denne dugnaden, og di fleire kommunar som vert med, di mindre kostnad vert det på kvar enkelt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ikkje vurdert

**Økonomiske konsekvensar:**
Kr 75.000,- vart avsett i budsjettarbeidet til 2016 og vedtatt av kommunestyret. Sektor helse- og omsorg vil vere ansvarleg for oppfølgjing av samarbeidet.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ikkje vurdert.

**Naturmangfaldlova:**
Ikkje vurdert

Rune Sjurgard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Kommunestyret

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Astrid Gjersdal | Arkivsak nr.: | 2016/208 |
| | | Arkivkode: | D11 |

| Utvalsaksnr | Driftsstyret | Møtedato |
|---|---|---|
| 16/16 | Driftsstyret | 09.03.2016 |

## STYRE FOR IDRETTSLOKALE, VAL AV REPRESENTATAR

**Administrasjonen si tilråding:**

**1. Driftsstyret vel følgjande 2 representant til styret for kommunale idrettslokale i Volda:**

**……………………………..**

**……………………………..**

**2. Driftsstyret godkjenner følgjande kriterium for tildeling av treningstider i Voldahallen:**

1. Utlysing av treningstider skal skje med frist 1. mai kvart år. Svar skal verte gitt innan utgangen av mai. Treningstidene gjeld fram til neste utlysing/tildeling.
2. Seriespel, turneringar og oppsette/avtalte kampar går føre trening.
3. Idrett som krev areal, takhøgd mm vert prioritert føre dei som praktisk kan trene i mindre lokale.
4. Idrett med høgt deltakartal (og kampar)vert prioriterte.
5. Styret skal sjå til at dei gunstigaste treningstidene vert fordelt så rettferdig som råd.
6. Idrettsformer som krev lagerplass i Voldahallen kan, slik dei praktiske tilhøva er no ikkje prioriterast.
7. Så langt som det er praktisk råd skal idrett for menneske med særkilte behov tilgodesjåast med treningstid.

**Saksopplysningar:**
Driftsstyret handsama 22. april 2014 sak om retningsliner og kriterium for leige av Voldahallen. Det vart då sett ned eit styre som fram til årsskiftet 2014/15 fekk ansvar for å fordele treningstider i Voldahallen etter søknad,- frå 2015 for alle kommunale idrettslokale. Til dette styret vart valt to frå driftsstyret, ein frå administrasjonen i Volda kommune, ein frå

Volda handball, ein frå Volda KFUM volleyball, og ein frå Volda idrettsråd. Frivilligsentralen har vore sekretær for styret. Dei vart vidare vedteke følgjande kriterium for tildeling av treningstider i Voldahallen.

1. Føreseielege vilkår
- Utlysing av treningstider skal skje med frist 1. mai kvart år. Svar skal verte gitt innan utgangen av mai.
- Treningstidene gjeld fram til neste utlysing/tildeling

2: Berre lag tilslutta Norges Idrettsforbund får tildelt treningstider i Voldahallen.

3. Seriespel, turneringar og oppsette/avtalte kampar går føre trening

4. Krav som idretten set
- Idrett som krev areal, takhøgd mm vert prioritert føre dei som praktisk kan trene i mindre lokale

5. Omfang
- Idrett med høgt deltakartal (og kampar)vert prioriterte

6. Tider på døgnet
- Styret skal sjå til at dei gunstigaste treningstidene vert fordelt så rettferdig som råd

7. Idrettsformer som krev lagerplass i Voldahallen kan, slik dei praktiske tilhøva er no ikkje prioriterast

8. Særlege omsyn
- Så lagt som det er praktisk råd skal idrett for menneske med særkilte behov tilgodesjåast med treningstid

I ettertid viste det seg at eit av desse punkta ikkje er foreinleg med vilkåra for å ha motteke spelemiddel. Dette gjeld pkt 2: Berre lag tilslutta Norges Idrettsforbund får tildelt treningstider i Voldahallen. Det vert punktet vert dermed stroke.

Det første året vart det noko innkøyringsproblem. Ikkje alle fekk med seg at det var ny ordning, og eit lag miste tidene sine. Dette medførte naturleg nok misnøye. Ein vil dermed sikre så godt som råd at alle eksisterande brukarar og eventuelle ny vert gjort merksame på søknadsfristar.

Det ein har oppnådd med den nye ordninga er ein open og rettferdig prosess kring tildeling av treningstider og nye brukarar har kome til i hallen. Enkelte idrettsformer har meir trong for trening i stor hall enn andre, men ikkje alltid med heil hall. Ein prøver no å fordele dei mest attraktive tidene så godt som råd, og sette saman grupper og dele opp hallen slik at ein sikrar maks utnytting. Gymsalane på Øyra er òg godt nytta, og etter at det var god veg har også gymsalen i Austefjord blitt nytta av lag frå sentrum.

Volda handball og KFUM volleyball har peikt ut sine representantar, og Volda Idrettsråd er beden om å melde frå om kven deira representant skal vere.

**Vurdering og konklusjon:**
Ein rår til at ordninga med styre for idrettlokale og justerte kriterie for tildeling av tider held fram.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
God og rettferdig utnytting av idrettslokale sikrar at fleire gjennom å drive ulike former for idrett held seg aktive. Dette har ein klar helsegevinst.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommunen får inntekt på utleige av lokale.

**Naturmangfaldlova:**
{Alle tiltak som kan få følgjer for naturen skal verte vurdert etter krava i naturmangfaldlova}

Astrid Gjersdal
leiar frivilligsentralen

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Frivilligsentralen for vidare kontakt med leigetakarane

Orienteringssak

Orienteringssak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Seniorrådgivar Åse Hansen, 71 25 85 48

Vår dato
19.01.2016
Dykkar dato
18.01.2016

Vår ref.
2015/2936/ASHA/730
Dykkar ref.

Volda kommune v/ rådmann

6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 2015/1718
Løpenr.
22 JAN 2016
Arkivdel:
Klassering:

**Oversending av endeleg rapport - tilsyn med rehabiliteringstenestene i Volda kommune 2015**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Nord-Trøndelag gjennomførte tilsyn med rehabiliteringstenestene i Volda kommune 5. november 2015.

Tilsynet var retta inn mot rehabiliteringstenestene til vaksne personar med nyerverva hjerneskade og behov for tverrfagleg rehabilitering.

Føreløpig rapport ble sendt til kontaktperson for tilsynet Jorunn Anne Tomasgard 17. desember 2015. Fylkesmannen har motteke tilbakemelding datert 18.1.2016, og retta opp i rapporten dei merknadane som var aktuell på tilsynstidspunktet. Det kommunen har fått i stand etter tilsynet er tatt til orientering.

Det blei ikkje påpeika avvik eller gitt merknad i tilsynet.

Fylkesmannen vil igjen takke for god bistand i tilrettelegging og gjennomføring av tilsynet og ynskje lukke til i det vidare arbeidet med kvalitet i tenestetilbodet.

Vedlagt følger endelig rapport.

Med helsing

Christian Bjelke (e.f.)
Fylkeslege/ direktør

Åse Hansen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi m/vedlegg:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Nord- Trøndelag | Postboks 2600 | 7734 | STEINKJER |
| Fylkesmannen i Sør-Trøndelag | Postboks 4710 Sluppen | 7468 | TRONDHEIM |
| Statens helsetilsyn | Postboks 9128 Dep | 0032 | OSLO |

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## Rapport frå tilsyn med rehabiliteringstenestene til vaksne personar med nyerverva hjerneskade/ hovudskade etter slag, traume eller tumor- og deretter behov for rehabilitering

## i

## Volda kommune

| | |
|---|---|
| **Adressa til verksemda:** | 6100 Volda |
| **Tidsrom for tilsynet:** | 17.07.2015 – 19.01.2016 |
| **Kontaktperson i verksemda:** | Helse- og omsorgssjef Jorunn Anne Tomasgard |

## Samandrag


Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Sør- Trøndelag og Fylkesmannen i Nord- Trøndelag har i perioden 02.07.2015 - 19.01.2016 gjennomført tilsyn med rehabiliteringstenestene til vaksne personar med nyerverva hovudskade/ hjerneskade og deretter behov for rehabilitering i Volda kommune.

Bakgrunnen for tilsynet er at fylkesmennene i alle tre fylka gjennom klagesaker/ mangel på klagesaker har registrert at denne pasientgruppa er ei sårbar gruppe med få talsmenn. Rehabilitering er eit område i stor utvikling, og samhandlingsreforma sine sentrale mål om gode pasientforløp og fleire tenester nær pasienten sin bustad skaper nye utfordringar i overgangane mellom kommune og spesialisthelseteneste. Lov og forskrift vil aldri kunne klargjere alle såkalla gråsoner, og samhandling og dialog mellom nivåa blir avgjørande.

Tilsynet omhandlar både RHF/HF og utvalde kommunar.

Det er gjennomført «ein- dags- tilsyn» ved Ålesund sjukehus og Mork Rehabiliteringssenter- Helse Møre og Romsdal HF, Ørsta kommune og Volda kommune. Sluttmøte blei halde ved Mork rehabiliteringssenter med videooverføring til sjukehuset i Ålesund.

Systemrevisjonen var i hovudsak retta mot:

- Planlegging og organisering av rehabiliteringstilbodet

- Utgreiing og vurdering, under dette seleksjonskriterier for vidare behandling / tiltak
- Overgangsfasane – samhandling med andre aktørar
- Dokumentasjon

Vidare blei det under tilsynet undersøkt:

- Medverknad - informasjon pasient og pårørande
- Kompetansebygging og vedlikehald

Det blei ikkje avdekt avvik, eller gitt merknad innan dei reviderte områda for tilsynet i Volda kommune.

Dato: 19.01.2016

| | |
|---|---|
| Åse E. Hansen<br>revisjonsleiar | Mona B. Parow<br>revisor |

# Innhald

Samandrag ........ 1
1. Innleiing ........ 4
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold ........ 4
3. Gjennomføring ........ 6
4. Kva tilsynet omfatta ........ 6
5. Funn ........ 7
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda ........ 8
7. Regelverk ........ 8
8. Dokumentunderlag ........ 9
9. Deltakarar ved tilsynet ........ 10

# 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Volda kommune i perioden 17.07.2015 – 19.1.2016. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal dette året og blei gjennomført som eit regionalt tilsyn i samarbeid med Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Nord Trøndelag.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenestene etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenestene § 2.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

# 2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Volda kommune består av tettstadane Volda, Fyrde, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus – der Volda er kommunesenteret. Pr. 1. januar 2015 hadde kommunen 8990 innbyggjarar, men folketalet aukar i perioden august - juni, då Høgskulen i Volda har registrert om lag 4000 studentar.

Kommunen er organisert i ein tre nivå modell; der Sektor for helse- og omsorg er leia av helse- og omsorgssjef , og inneheld 8 einingar med avdelingsleiarar. Ei av desse er eininga Førebygging, rehabilitering og legeteneste; her finn vi fysio-/ ergoterapitenestene, lege og kvardagsrehabiliteringsprosjektet m.a. Avdelingsleiar er fysioterapeut.

Fysio/ ergoterapitenesta har 3,5 årsverk i kommunale driftstilskot fordelt på 5 fysioterapeutar. Kommunale fysioterapeutar utgjer 2,5 årsverk fordelt på 4 fysioterapeutar- av desse er 50 % stilling øyremerka Klokkarstova (korttids- og rehabiliteringsavdelinga). Oversikt over tilsette viser at det har vore ein del vikarar inne siste to åra. Kommunen har 1 årsverk ergoterapeut fordelt på to

ergoterapeutar. Det er ikkje knytt eigen ergoterapeut til Klokkarstova, men det ligg i stillingsinstruksen at ergoterapeuten kan nyttast på avdelinga.

Kommunen har tilgang på logoped.

Legetenesta, alle legane i Volda har kontor i same lokale i Volda legesenter, der er det 9 fastlegeheimlar, og i tillegg 7 helsepersonell utover dette. Volda og Ørsta kommune har felles kommuneoverlege.

Tildeling av helse- og omsorgstenester ligg til helse- og omsorgsleiar sin stab; Tenestetildeling/ koordinerande eining/ sakshandsaming/ kreftkoordinator/ fagutvikling/ kommuneoverlege mm. Ved tilvising tek inntakskontoret kontakt med dei faggruppene som er aktuell for samarbeid – plass blir tildelt ut frå funksjonsnivå – det er ikkje ventetid på rehabiliteringsplassar.

Eininga sjukeheim 3.etg. **Klokkarstova =** korttids-/ rehabiliteringsavdelinga - 4 senger er sett av til rehabiliteringspasientar ( kan vere fleksibel på plasstal ved behov). Dette skal vere ei meir aktiv avdeling. Det blir gjennomført faste tverrfaglege møter kvar veke.

Eining heimeteneste og Eining omsorgsbustadar er alle relevante for rehabilitering til pasientar i målgruppa for tilsynet og dermed omfatta av tilsynet. Det blir opplyst at pasientgruppa for tilsynet er lite synleg i heimetenestene. Det er få pasientar i denne kategorien.

Koordinerande eining er på plass - ein arbeider med å gjere den kjend og med å få oversikt over bruken av koordinator og individuell plan hos vaksne brukarar. Mandat for funksjonen er under utarbeiding. Det same gjeld planlegging av undervisningsopplegg for koordinatorar.

Ressursteamet kvardagsrehabilitering (etabl. 2014) inneheld 20 % stilling ergoterapeut, 20% stilling fysioterapeut og 20 % stilling sjukepleiar. Dei rettleiar og legg til rette arbeidet i nært samarbeid med heimetenestene. Det er frigjort ressursar til heimetrenarar - til saman 90 % stilling. Heimetrenarar er personar som er lært opp til å jobbe direkte med tiltak mot den einskilde i kvardagsrehabilitering.

Kommunen gjennomfører førebyggjande heimebesøk til eldre over 80 år for å fange opp eventuelle funksjonsfall tidleg.

Kommunen peikar på utfordringar i å byggje opp eit godt kommunalt rehabiliteringstilbod i tråd med samhandlingsreforma, samstundes som ein innfører/ etablerer kvardagsrehabilitering innan eksisterande ressursar.

Kommunen har i samarbeid med andre kommunar gjennomført eit prosjektet *rehabiliteringsløftet* som blei avslutta i 2013. Dette var eit samarbeidsprosjekt knytt til Volda sjukehus, Mork rehabiliteringssenter og dei sju kommunane på Søre Sunnmøre med hovudvekt på å utvikle gode strukturar og rutinar for samarbeid innan rehabiliteringa av slagpasientar på tvers av tenestene.

Kommunen har på overordna nivå etablert ein samhandlingsavtale med Helse Møre og Romsdal HF gjeldande frå 10.3.2010.

Delavtale kvalitet i pasientforløp- somatikk regulerer tiltak og samhandlingsformer. Det er opplyst at denne avtalen er under revidering.

## 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

**Revisjonsvarsel** blei sendt ut 17.07.2015.

**Opningsmøte** blei halde 05.11.2015.

**Intervju**
8 personar blei intervjua.

**Sluttmøte** blei halde 11.11.2015.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

## 4. Kva tilsynet omfatta

*«Jo tidligere etter et funksjonsfall rehabiliteringen starter, jo bedre blir resultatet»*

Både kommunane og spesialisthelsetenesta vil ha oppgåver og ansvar for det samla rehabiliteringstilbodet til befolkninga. Rehabilitering er definert som *«tidsavgrensede, planlagte prosesser med klare må og virkemidler, hvor flere aktører samarbeider om å gi nødvendig bistand til brukerens egen innsats for å oppnå best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltakelse sosialt og i samfunnet»*. I utgangspunktet er det inga grense for kva fag og sektorar som kan være involvert i ein person sin rehabiliteringsprosess. Forskrift om habilitering- og rehabilitering utdjupar kommunen og spesialisthelsetenesta sitt ansvar for rehabilitering på overordna nivå. Dagens lov og forskrift vil aldri kunne klargjere alle såkalla «gråsoner» og samhandling og dialog blir avgjørande.

Samhandlingsreforma legg opp til at kommunane skal få ei sterkare ansvars- og oppgåveretta rolle. Dette fører til at kommunane må ruste sine tenester for å handtere nye og meir omfattande oppgåver. Omstilling av tenester frå spesialisthelsetenesta er likevel forventa synkronisert slik at dette ikkje blir gjennomført før kommunane er i stand til å handtere dei nye oppgåvene. Samarbeidsavtalane og rettleiingsplikta som spesialisthelsetenesta er pålagt, er viktige verkemedel.

Frå tidleg fase i pasienten si behandling bør fokus på rehabilitering inkluderast. Spesialisthelsetenesta si tilnærming må, til like med kommunen, vere prega av eit heilskapleg syn på pasienten sine utfordringar og mål om best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet. Ein skal prøve å hindre tidsavbrot som ikkje er ynskt mellom ulike aktørar sine

oppgåve- og ansvarsområde i tenestekjeda, slik at pasienten får eit heilskapleg og koordinert rehabiliteringsløp.

Fylkesmennene i Midt- Norge har valt å gjere tilsyn over fleire tenestenivå og tilsynet omfattar både RHF/ HF og kommunane, under dette også private rehabiliteringsinstitusjonar.

Ved gjennomføringa av tilsynet, utført som systemrevisjon, blei det undersøkt om verksemda / føretaket gjennom systematisk styring og forbetring sikrar at pasientar som kjem inn med ny- erverva hovudskade etter slag, traume eller tumor og behov for vidare rehabilitering får eit samanhengande, tverrfagleg rehabiliteringsløp.

Systemrevisjonen var i hovudsak retta mot:

- Planlegging og organisering av rehabiliteringstilbodet
- Utgreiing og vurdering under dette seleksjonskriterier for vidare behandling / tiltak
- Overgangsfasane – samhandling med andre aktørar
- Dokumentasjon

Under tilsynet blei det vidare undersøkt

- Medverknad - informasjon pasient og pårørande
- Kompetansebygging og vedlikehald

## 5. Funn

Det blei ikkje avdekt avvik eller gitt merknad innan dei reviderte områda for tilsynet i Volda kommune.

**Tilsynsorganet har elles merka seg:**

Kommunen har i samarbeid med andre kommunar gjennomført prosjektet *rehabiliteringsløftet* som blei avslutta i 2013.

Tilsette meiner at pasientar med hjerneslag er høgt prioritert i kommunen. Det rår eit avklart syn på kva rehabilitering er, og kva tenestetilbodet skal innehalde.

Pasientane med behov for rehabilitering kjem frå sjukehusa eller frå Mork rehabiliteringssenter og er ofte kartlagt derifrå. Denne kartlegginga blir nytta i vidare planlegging. Tilsette omtalar samarbeid mellom sjukehusa og Mork rehabiliteringssenter som godt strukturert.

Dei pasientane som skal rett heim kan m.a. få tilbod om kvardagsrehabilitering. Det er ikkje ventetid på kvardagsrehabilitering, men det er opplyst at ventetida på ergoterapitenester er aukande, kapasitetsvanskar er meldt munnleg. Det er ikkje registrert formelt avvik på dette, men leiinga er kjend med situasjonen.

Av journalgjennomgangen går det fram at kvardagsrehabilitering er tverrfagleg dokumentert. Det er vanskelegare å lese ut av pasientjournalane den

gjennomgåande tverrfaglege praksis tenesteutøvinga elles presenterer-faggruppene dokumenterer kvar sitt.

Pasientar som treng institusjonsopphald får tildelt korttidsplass ved Klokkarstova. Desse pasientane kjem ofte frå Mork rehabiliteringssenter – og kommunen er allereie «kopla på» i overgangen – gjennom møte med pasient og pårørande og fysio/ ergo før utskriving. Tverrfaglege møter blir gjennomført kvar måndag. Fysioterapeut som er knytt til Klokkarstova og følgjer også pasienten utanfor avdelinga dersom fortsatt behov for fysioterapi. Desse pasientane kan også i det vidare løp få tilbod om kvardagsrehabilitering.

Kvardagsrehabilitering er noko dei fleste omtalar som positivt, tilbodet er etablert innan eksisterande ressursar og blir opplevd som ressurskrevjande. Sektorleiar har påpeika dette som utfordrande. Teamet har faste møte med tildeling av tilbod kvar onsdag. Det er utarbeidd eigen mal for kartlegging og rehabiliteringsplan blir individuelt utforma. Kvardagsrehabilitering blir tildelt for fire veker med moglegheit for nytt vedtak dersom evalueringa viser fortsatt behov og nytte. Fastlegen får rapport av evalueringa.

Funksjonen som tilsynslege er midlertidig ivareteken av legane på legesenteret. Klokkarstova har legevisitt kvar torsdag- og elles ved behov. Samarbeid med legesenteret blir omtala som lett tilgjengeleg. Kommunen har utlyst eiga kommunal stilling som tilsynslege i 80 %. Snarleg tilsetting er venta.

Av årsmeldinga for fysio/ ergo 2014 ser ein at det har vore ein del utskiftingar i denne tenesta (fleire vikarar inne i svangerskapsvikariat). I tillegg er det opplyst at det er aukande ventetid på ergoterapiteneste.

## 6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Det er tilsynet si samla vurdering at tverrfagleg rehabilitering i praksis er ivaretatt i Volda kommune.

Definisjon og forståing av rehabilitering er kjent i organisasjonen, og ansvarsforholda kring pasientane i målgruppa for tilsynet synes å vere klare.

Det er kjent at ergoterapitenesta har aukande ventetid, og leiinga har lagt fram forslag om å auke ressursane i budsjettforslaget for 2016. Det er viktig at leiinga i kommunen følgjer med på konsekvensane/ risikotilhøva når ein flyttar på ressursar/ nyttar eksisterande ressursar til nye tilbod. Likeeins at ein har rutinar for journalføring og kontroll.

Det er tilsynsorganet si oppfatning at kommunen har naudsynt oversikt og kontroll med rehabiliteringstenesta til denne pasientgruppa, også med dei sårbare områda i tilbodet.

## 7. Regelverk

Lov om statleg tilsyn med helsetenesta
Lov om kommunale helse- og omsorgstenester

Lov om helsepersonell
Lov om pasient- og brukarrettar
Forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta
Forskrift om habilitering- og rehabilitering, individuell plan og koordinator
Forskrift om pasientjournal
Forskrift om kommunal betaling ved utskrivingsklare pasientar

Samarbeidsavtalar, Tenesteavtalar

Tilsynsteamet har i førebuinga av tilsynet og i vurdering av observasjonar/funn støtta sine vurderingar på:

- Helsedirektoratet sin rapport IS-1947 *Avklaring av ansvars- og oppgavedeling mellom kommunene og spesialisthelsetjenesten på rehabiliteringsområdet*
- Prosjektrapport Rehabilitering Midt-Norge, Helse Midt-Norge og KS
- Helsedirektoratets *Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator.* Denne er publisert 10.02.2015
- Nasjonale faglege retningsliner

## 8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Organisasjonskart Sektor helse- og omsorg
- Rehabilitering
- Etablering av kvardagsrehabilitering
- Koordinerende eining
- Stillingsomtale for leiar for førebyggende, rehabilitering og legeteneste
- Delegering sektorleiar for helse og omsorg
- Tilvisning og innkomstprosedyre
- Samhandligsprosedyre mellom kommune og helseforetak
- Samhandlingsavtale mellom Helse Sunnmøre HF og Volda kommune
- Journalsystem
- Kvalitetslosen og avvik
- Sektor helse og omsorg(møtestruktur)
- Omsorgsplan
- Demensplan
- Prosjektrapport «forsterka sjukeheim»
- Bemanning «Forsterka sjukeheimsavdeling»
- Årsmelding 2013
- Årsmelding 2014

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Seniorinformasjon

Journalgjennomgang:

- Fylkesmannen har mottatt 5 journalar frå Volda kommune. (To pasientar kom frå Mork, to kom frå heimen og ein frå sjukehus). Av dei 5 journalane går det fram at to av pasientane får oppfølging via kvardagsrehabilitering.

To av pasientane er godt fungerande. I ein av pasientjournalane ser ein at Mork rehabiliteringssenter er mykje inne i bilete også etter heimkomst (tverrfagleg team for blant anna å vurdere re-opphald).

Kvardagsrehabilitering er tverrfagleg dokumentert. Når det gjeld rehabiliteringstiltak elles, dokumenterer faggruppene kvar sitt- og den tverrfaglege praksisen som blir gjort til kjenne kjem dårlegare fram.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn – brev ut 17.7.2015
- Tilbakemelding på varsel 5.10.2015- dokumentasjon
- Avklaringar og forslag til program 29.10.2015
- Program for tilsynsdagen 30.10.2015
- Kopi av Opplysningar om tilsyn til tilsette i Volda kommune 28.10.2015
- Diverse e- post og telefonkorrespondanse mellom kontaktperson og revisjonsleiar

## 9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

| Namn | Funksjon / stilling | Opningsmøte | Intervju | Slutt-møte |
|---|---|---|---|---|
| Guri Rogne Nybø | fysioterapeut | X | X | X |
| Randi Heltne Alfsvåg | fysioterapeut | X | X | X |
| Inger Anne Brevik | ergoterapeut | X | X | X |
| Vegar Batts | Teamleiar heimetenesta | X | X | |
| Malene Rovde | Koordinerande eining | X | X | |
| Ann Sølvi Heltne | Leiar sjukeheim | X | X | |
| Synnøve Fuglehaug | Leiar FRL/ fysioterapi | X | X | X |
| Jorunn Anne R. Tomasgard | Helse- og omsorgssjef | X | X | X |
| Monika Hovden | Sjukepleiar kvardagsrehab | | X | X |
| Per Olav Brautaset | Fastlege/ tilsynslege | | X | |
| Inger Lise Telset | Hjelpepleiar | | X | |

**Frå tilsynsorganet deltok:**

| | |
|---|---|
| Revisor Håkon Lien | Fylkesmannen i Nord-Trøndelag |
| Revisor Inger Williams | Fylkesmannen i Sør-Trøndelag |
| Revisor Mona B Parow | Fylkesmannen i Sør-Trøndelag |
| Revisjonsleder Åse E Hansen | Fylkesmannen i Møre og Romsdal |
| Observatør Trude Naas | Fylkesmannen i Møre og Romsdal |

**VOLDA KOMMUNE**
**Dalsfjordskule**

*Dato*
05.02.16

REFERAT

MØTE:Su/skulemiljøutval

| | | |
|---|---|---|
| Møtedato: 04.02.16 | Møtetid: 17.30-19.00 | Stad: Møterom, Dalsfjord skule |
| Møteleiar: Inger Johanne Johnsen. | | Referent: Else Lill Riise |
| Til stades : Inger Johanne Johnsen, Hans Martin Klokk, Nils Roar Brandal, Rune Brudevoll, Else Lill Riise. Christian Sætre og Marcus Drabløs som er elevrepresentantar ved skulen var ikkje kalla inn til dette møtet. | | Fråvær : Kjell Petter Wiik |

**SAKLISTE**
**Sak 05.15-16 –** Sak i høve endring frå 4 dagars veke til 5 dagars veke ved Dalsfjord skule frå skuleåret 2016-17**.**Vi tok ei oppsummering av spørjeundersøkinga som var sendt ut til føresette. Det syner seg at foreldregruppa er omtrent delt i to i synet på å halde fram med 4 dagars veke eller endre til 5 dagars veke. SU konkluderte med å starte med 5 dagars veke for 5.-7. klasse frå skuleåret 2016-17. Dette fordi det i denne aldersgruppa var eit fleirtal for å endre. Vi ynskjer også at 4. klasse startar med 5 dagars veke. Dette er ikkje endeleg avgjort enno.
1.-3. klasse endrar ikkje tal på skuledagar pr. veke for skuleåret 2016-17. Dette er eit val vi har teke utifrå økonomiske grunnar ikkje pedagogiske grunnar. Vi ser at det vil verte ein kostnad når det gjeld ein ekstra skyss etter skuletida og ein må ha SFO morgon og ettermiddag på onsdagar. Ein kan rekne med at føresette vil fremme eit ynskje om heildags SFO på onsdagar, slik dei har tilbod om på dei andre bygdeskulane.
Det vert kalla inn til felles informasjonsmøte for føresette for elevar som går i 1.-6. klasse. Tidspunkt onsdag 17.02.16 kl. 17.30.
**Sak 06.15-16 –** Rektor informerte om budsjett for 2016. Su hadde ikkje nokon innvendingar til budsjettet. Dei har tru på at budsjettet vert brukt fornuftig og rett til det beste for elevane og skuledrifta.
**Sak 07.15-15-** Det var ikkje komne inn nokon ymsesaker til møtet.

Ref. Else Lill Riise

Postadresse:
6133Lauvstad

rektor.dalsfjord@voldaskulen.no
Telefon:
70055064

www.voldaskulen.no/dalsfjord
Org. nr:
939 760 946